



## Saksutgreiing

**SAKSGANG****Styre, utval, komite m.m.**

Utval for Plan og Utvikling

Kommunestyret

**Møtedato**

03.09.2014

09.09.2014

**Saksnr**

081/14

051/14

Sakshandsamar: Børge Tvedt	Arkiv: FA-S10	Arkivsaknr 12/643
-------------------------------	------------------	----------------------

### Høringsuttale frå Jølster kommune vedkommande konsesjonssøknadar med konsekvensutgreiing for kraftutbygging i Jølstra

**Vedlegg:**

<b>Dok.dato</b>	<b>Tittel</b>	<b>Dok.ID</b>
19.05.2014	Høyring av søknader med konsekvensutgreiing for kraftutbyggingsplanar i Jølstra, Jølster og Førde kommune i Sogn og fjordane	52650
20.06.2014	Melding om vedtak - Jølstra - utbyggingsavtale oppnemning av medlemmar til forhandlingsutval	53639
23.07.2014	Innkalling til forhandlingsmøte - utbyggingsavtale Jølstra	54423
23.07.2014	Innkalling til forhandlingsmøte - utbyggingsavtale Jølstra kraftverk	54426
26.08.2014	Utkast utbyggingsavtale	55015
26.08.2014	UTKAST Utbyggingsavtale mellom Nordkraft AS og Jølster kommune om samarbeid ved utbygging av Jølstra kraftverk.docx	55016
26.08.2014	Utkast utbyggingsavtale	55018
26.08.2014	UTKAST Utbyggingsavtale mellom Sunnfjord Energi AS og Jølster kommune om samarbeid ved utbygging av Jølstra kraftverk.docx	55020
25.08.2014	Ad utbyggingsavtale mellom Sunnfjord Energi AS og Jølster kommune om Jølstra Kraftverk	54935
26.08.2014	brev til kommune.pdf	55014

---

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Jølster kommunestyre kan ikkje tilrå utbygging av Jølstra kraftverk slik konsesjonssøknad frå Nordkraft AS og Sunnfjord Energi AS ligg føre.

Dei evigvarande konsekvensane for fiske, friluftsliv og reiseliv som følgje av utbygging av Jølstra vert ikkje tilstrekkeleg kompensert og avbøta i søknadane.

Jølster kommunestyre vurderer likevel at Sunnfjord Energi AS sin konsesjonssøknad gjev mest fornybar energi i samsvar med nasjonale mål, samtidig som dei i størst grad ivaretek samfunnsinteressene. Konsesjon til Sunnfjord Energi AS gjev såleis størst verdiar attende til lokalsamfunn og Jølster kommune.

Jølster kommune vil tilrå at Sunnfjord Energi får konsesjon til utbygging og drift av Jølstra kraftverk føresett at det vert stilt følgjande vilkår for konsesjonen:

1. Det må etablerast reinskerist/fiskestengsel ved inntaket til tunnel i kraftanlegget
2. Det vert sett i verk radiomerking av storaure for å sjå på områdebruk både før, under og minimum 5 år etter arbeidet med reguleringa er ferdig.
3. Det vert etablert gangbru med ei breidde på 2 m og universell utforming over Kvamsfossen for å legge til rette for bruk av friluftsområde
4. Det vert utarbeidd plan for tursti og gjenbruk av anleggområde for friluftsføremål. Det er eit minstekrav at utbyggar etablerer og byggjer rundsti og gangbru over elva ved Kvamsfossen som knyt saman turstiar på begge sider av elva. Rundsti og gangbru skal ha ei minimum breidde på 2 m og universell utforming.
5. Det vert sett vilkår om fiskefond med årleg bidrag til Jølster kommune på kr 50.000,- kr i 2014 verdi. Årleg bidrag skal oppjusterast i samsvar med konsumprisindeksen kvart tredje år.
6. Det vert set krav om næringsfond med årleg bidrag til Jølster kommune på kr. 400.000,- kr i 2014 verdi. Årleg bidrag skal oppjusterast i samsvar med konsumprisindeksen kvart tredje år.
7. Overskotsmasse frå tunneldriving skal nyttast til opparbeiding av Moskog industriområde. Utbyggar skal syte for og koste transport og planering av overskotsmasse til Moskog industriområde i område K2, K3 eller K4 i godkjent områderegeringsplan for Moskog industriområde.

Med slike vilkår meiner Jølster kommunestyre ut frå ei heilskapleg vurdering at konsesjon til bygging og drift av Jølstra kraftverk har større fordelar enn ulemper for lokalsamfunn, kommunen og storsamfunnet.

Det vert elles vist til administrasjonen si saksutgreiing i høve NVE sitt vidare arbeid med konsesjonssøknaden.

### **Handsaming i Utval for Plan og Utvikling 03.09.2014:**

Jan Ove Flaten stilte spørsmål om han var ugild i saka.  
Geir Ståle Støfring stilte spørsmål om han var ugild i saka.

Leiar Jan Ove Flaten tok opp spørsmål om setteleiar.  
Det vart gjennomført val og Ragnhild Sæle vart valt som setteleiar/møteleiar i saka.

Jan Ove flaten og Geir Ståle Støfring gjekk frå ved handsaming av habilitetsspørsmålet.

Ragnhild Sæle og Jakob Andre Sandal deltok som vara.

### Habilitetsspørsmåla vart handsama med følgjande resultat:

Jan Ove Flaten vart funne ugild i saka.  
Geir Ståle Støfring vart funne ugild i saka.

Jan Ove Flaten og Geir Ståle Støfring deltok ikkje ved handsaming av saka.

### Dag Arne Veiteberg V, kom med slikt framlegg til nytt vedtak:

Jølster kommunestyre kan ikkje tilrå utbygging av Jølstra kraftverk slik konsesjonssøknad frå Nordkraft AS og Sunnfjord Energi AS ligg føre.

Dei evigvarande konsekvensane for fiske, friluftsliv og reiseliv som følgje av utbygging av Jølstra vert ikkje tilstrekkeleg kompensert og avbøta i søknadane.

Jølster kommunestyre vurderer likevel at Sunnfjord Energi AS sin konsesjonssøknad gjev mest fornybar energi i samsvar med nasjonale mål, samtidig som dei i størst grad ivaretek samfunnsinteressene. Konsesjon til Sunnfjord Energi AS gjev såleis størst verdiar attende til lokalsamfunn og Jølster kommune.

Jølster kommune vil tilrå at Sunnfjord Energi får konsesjon til utbygging og drift av Jølstra kraftverk føresett at det vert stilt følgjande vilkår for konsesjonen:

1. Det må etablerast reinskerist/fiskestengsel ved inntaket til tunnel i kraftanlegget
2. Det vert sett i verk radiomerking av storaure for å sjå på områdebruk både før, under og minimum 5 år etter arbeidet med reguleringa er ferdig.
3. Det vert etablert gangbru med ei breidde på 2 m og universell utforming over Kvamsfossen for å legge til rette for bruk av friluftsområde

- 4 Det vert utarbeidd plan for tursti og gjenbruk av anleggomsråde for friluftsføremål. Det er eit minstekrav at utbyggar etablerer, byggjer og vedlikeheld for all framtid, rundsti og gangbru over elva ved Kvamsfossen som knyt saman turstiar på begge sider av elva. Rundsti og gangbru skal ha ei minimum breidde på 2 m og universell utforming.
- 5 Det vert sett vilkår om fiskefond med årleg bidrag til Jølster kommune på kr 100.000,- i 2014 verdi. Årleg bidrag skal oppjusterast i samsvar med konsumprisindeksen kvart tredje år.
- 6 Det vert sett vilkår om opparbeiding og vedlikehald av terskelpunkt i naturstein på berørt utbyggingsstrekning, for å oppretthalde kulpar for større fisk, og fisketrapp eller anordning for fiskevandring over Tongahølsdammen.
- 7 Det vert set krav om næringsfond med årleg bidrag til Jølster kommune på kr. 800.000,- kr i 2014 verdi. Årleg bidrag skal oppjusterast i samsvar med konsumprisindeksen kvart tredje år.
- 8 Det vert sett vilkår om opparbeiding av framføringsvegar for fiberkabel til fastbuande bedrifter og offentleg verksemder i grendene Langhaugane – Stakaldefossen – Flaten - Grimsbø – Slåtten og Kvammen.
- 9 Overskotsmasse frå tunneldriving skal nyttast til opparbeiding av Moskog industriområde. Utbyggar skal syte for og koste transport og planering av overskotsmasse til Moskog industriområde i område K2, K3 eller K4 i godkjent områdereguleringsplan for Moskog industriområde.

Med slike vilkår meiner Jølster kommunestyre ut frå ei heilskapleg vurdering at konsesjon til bygging og drift av Jølstra kraftverk har større fordelar enn ulemper for lokalsamfunn, kommunen og storsamfunnet. Desse vilkåra gjeld også om Nordkraft vert tildelt konsesjonen.

Det vert elles vist til administrasjonen si saksutgreiing i høve NVE sitt vidare arbeid med konsesjonssøknaden.

AP bad om gruppemøte på 10 min.

Jakob Andre Sandal SV, kom med slikt framlegg til nytt punkt 10 i Venstre sitt framlegg:

10. Det skal sleppast ei minstevassføring på 30 m<sup>3</sup>/s på dagtid om sommaren for å ivareta elvesportaktivitetane i Jølstra.

#### **Røysting:**

Framlegget frå Dag Arne Veiteberg V fekk 6 stemmer.

Framlegg frå V med tillegg av Jakob Andre Sandal SV sitt punkt 10 fekk 3 stemmer.

Framlegget frå Dag Arne Veiteberg V vart vedteke med 6 mot 1 stemme.

## UPU-081/14 Vedtak:

Jølster kommunestyre kan ikkje tilrå utbygging av Jølstra kraftverk slik konsesjonssøknad frå Nordkraft AS og Sunnfjord Energi AS ligg føre.

Dei evigvarande konsekvensane for fiske, friluftsliv og reiseliv som følgje av utbygging av Jølstra vert ikkje tilstrekkeleg kompensert og avbøta i søknadane.

Jølster kommunestyre vurderer likevel at Sunnfjord Energi AS sin konsesjonssøknad gjev mest fornybar energi i samsvar med nasjonale mål, samtidig som dei i størst grad ivaretek samfunnsinteressene. Konsesjon til Sunnfjord Energi AS gjev såleis størst verdiar attende til lokalsamfunn og Jølster kommune.

Jølster kommune vil tilrå at Sunnfjord Energi får konsesjon til utbygging og drift av Jølstra kraftverk føresett at det vert stilt følgjande vilkår for konsesjonen:

1. Det må etablerast reinskerist/fiskestengsel ved inntaket til tunnel i kraftanlegget
2. Det vert sett i verk radiomerking av storaure for å sjå på områdebruk både før, under og minimum 5 år etter arbeidet med reguleringa er ferdig.
3. Det vert etablert gangbru med ei breidde på 2 m og universell utforming over Kvamsfossen for å legge til rette for bruk av friluftsområde
4. Det vert utarbeidd plan for tursti og gjenbruk av anleggområde for friluftsføremål. Det er eit minstekrav at utbyggjar etablerer, byggjer og vedlikeheld for all framtid, rundsti og gangbru over elva ved Kvamsfossen som knyt saman turstiar på begge sider av elva. Rundsti og gangbru skal ha ei minimum breidde på 2 m og universell utforming.
5. Det vert sett vilkår om fiskefond med årleg bidrag til Jølster kommune på kr 100.000,- i 2014 verdi. Årleg bidrag skal oppjusterast i samsvar med konsumprisindeksen kvart tredje år.
6. Det vert sett vilkår om opparbeiding og vedlikehald av terskelpunkt i naturstein på berørt utbyggingsstrekning, for å oppretthalde kulpar for større fisk, og fisketrapp eller anordning for fiskevandring over Tongahølsdammen.
7. Det vert sett krav om næringsfond med årleg bidrag til Jølster kommune på kr. 800.000,- kr i 2014 verdi. Årleg bidrag skal oppjusterast i samsvar med konsumprisindeksen kvart tredje år.
8. Det vert sett vilkår om opparbeiding av framføringsvegar for fiberkabel til fastbuande bedrifter og offentleg verksemder i grendene Langhaugane – Stakaldefossen – Flaten - Grimsbø – Slåtten og Kvammen.
9. Overskotsmasse frå tunneldriving skal nyttast til opparbeiding av Moskog industriområde. Utbyggjar skal syte for og koste transport og planering av overskotsmasse til Moskog industriområde i område K2, K3 eller K4 i godkjent områderereguleringsplan for Moskog industriområde.

Med slike vilkår meiner Jølster kommunestyre ut frå ei heilskapleg vurdering at konsesjon til bygging og drift av Jølstra kraftverk har større fordelar enn ulemper for lokalsamfunn, kommunen og storsamfunnet. Desse vilkåra gjeld også om Nordkraft vert tildelt konsesjonen.

Det vert elles vist til administrasjonen si saksutgreiing i høve NVE sitt vidare arbeid med konsesjonssøknaden.

**Handsaming i Kommunestyret 09.09.2014:**

Jølster kommune har sendt ut skjema til kommunestyremedlemmar og påminning til gruppeleiarar om melding til administrasjonen om eventuelle spørsmål/tvil i høve ugildskap i denne saka. Vi har fått melding frå Judith Kapstad, Leif Gabriel Kapstad, Jan Ove Flaten, Geir Ståle Støfring, Ingrid Søyland, Siw –Karin Hestad.

Rådmannen sitt notat: Vurdering av ugildskap – sak Jølstra kraftverk, var lagt ut til kommunestyret:

Ingrid Søyland SP stilte spørsmål om ugildskap i høve:  
*Svigerson grunneigar for fallrett Jølstra kraftverk*

Geir Ståle Støfring SP stilte spørsmål i høve:  
*Grunneigar for fallrett Jølstra kraftverk*

Ingrid Søyland og Geir Ståle Støfring gjekk frå ved handsaming av habilitetsspørsmålet.

Helge Torpe og Dagrunn Thingnes deltok som vara.

Habilitetsspørsmåla vart handsama med følgjande resultat:

Ingrid Søyland vart samrøystes funne ugild i saka jf § Forvl. §6.a

Geir Ståle Støfring vart samrøystes funne ugild i saka jf § Forvl. §6.a

Ingrid Søyland og Geir Ståle Støfring deltok ikkje ved realitetshandsaming av saka.

Dagrunn Thingnes møtte for Ingrid Søyland og Helge Torpe møtte for Geir Ståle Støfring

Ordførar Oddmund Klakegg innleia saka

Marit Flatjord SP:

*Jølster kommunestyre kan ikkje tilrå utbygging av Jølstra kraftverk slik konsesjonssøknad frå Nordkraft AS og Sunnfjord Energi AS ligg føre.*

*Dei evigvarande konsekvensane for fiske, friluftsliv og reiseliv som følgje av utbygging av Jølstra vert ikkje tilstrekkeleg kompensert og avbøta i søknadane.*

*Jølster kommunestyre vurderer at den største utbygginga gjev mest fornybar energi i samsvar med nasjonale mål, samtidig som den i størst grad ivaretek samfunnsinteressene. Jølster kommunestyre krev at NVE bringer dei to konsesjonssøklarane saman om krav om ei felles utbygging.*

*Jølster kommunestyre vil tilrå den største utbygginga og drift av Jølstra kraftverk føreset at det vert stilt følgjande vilkår for konsesjon:*

*Punkt 1 – 9 som vedteke i UPU*

*Med slike vilkår meiner Jølster kommunestyre ut frå ei heilskapleg vurdering at konsesjon til bygging og drift av Jølstra kraftverk har større fordelar enn ulemper for lokalsamfunn, kommunen og storsamfunnet.*

*Det vert elles vist til administrasjonen si saksutgreiing i høve NVE sitt vidare arbeid med konsesjonssøknaden.*

Jakob Andre Sandal SV:

*Jølster kommunestyre kan ikkje tilrå utbygging av Jølstra kraftverk slik konsesjonssøknad frå Nordkraft AS og Sunnfjord Energi AS ligg føre.*

*Dei evigvarande konsekvensane for fiske, friluftsliv og reiseliv som følgje av utbygging av Jølstra vert ikkje tilstrekkeleg kompensert og avbøta i søknadane.*

Atle Hamar V: Ber om gruppemøte:

Etter gruppemøte:

Gerd Sunde Førde SP: framlegg om prøverøysting

Det vart gjennomført prøverøysting:

Etter prøverøysting, Gerd Sunde Førde SP ber om gruppemøte:

Etter gruppemøte vart det røysting:

Det vart først røysta over framlegget frå SV:

*Jølster kommunestyre kan ikkje tilrå utbygging av Jølstra kraftverk slik konsesjonssøknad frå Nordkraft AS og Sunnfjord Energi AS ligg føre.*

*Dei evigvarande konsekvensane for fiske, friluftsliv og reiseliv som følgje av utbygging av Jølstra vert ikkje tilstrekkeleg kompensert og avbøta i søknadane.*

Framlegget frå SV fekk 7 røyster

Røysting 2: Det vart røysta over framlegget frå SP:

*Jølster kommunestyre kan ikkje tilrå utbygging av Jølstra kraftverk slik konsesjonssøknad frå Nordkraft AS og Sunnfjord Energi AS ligg føre.*

*Dei evigvarande konsekvensane for fiske, friluftsliv og reiseliv som følgje av utbygging av Jølstra vert ikkje tilstrekkeleg kompensert og avbøta i søknadane.*

*Jølster kommunestyre vurderer at den største utbygginga gjev mest fornybar energi i samsvar med nasjonale mål, samtidig som den i størst grad ivaretek samfunnsinteressene. Jølster kommunestyre krev at NVE bringer dei to konsesjonssøklarane saman om krav om ei felles utbygging.*

*Jølster kommunestyre vil tilrå den største utbygginga og drift av Jølstra kraftverk føreset at det vert stilt følgjande vilkår for konsesjon:*

*Punkt 1 – 9 som vedteke i UPU*

*Med slike vilkår meiner Jølster kommunestyre ut frå ei heilskapleg vurdering at konsesjon til bygging og drift av Jølstra kraftverk har større fordelar enn ulemper for lokalsamfunn, kommunen og storsamfunnet.*

*Det vert elles vist til administrasjonen si saksutgreiing i høve NVE sitt vidare arbeid med konsesjonssøknaden.*

Framlegget frå SP fekk 9 røyster

Røysting 3: Det vart røysta over V sitt framlegg/UPU si tilråding:

*Jølster kommunestyre kan ikkje tilrå utbygging av Jølstra kraftverk slik konsesjonssøknad frå Nordkraft AS og Sunnfjord Energi AS ligg føre.*

*Dei evigvarande konsekvensane for fiske, friluftsliv og reiseliv som følgje av utbygging av Jølstra vert ikkje tilstrekkeleg kompensert og avbøta i søknadane.*

*Jølster kommunestyre vurderer likevel at Sunnfjord Energi AS sin konsesjonssøknad gjev mest fornybar energi i samsvar med nasjonale mål, samtidig som dei i størst grad ivaretek samfunnsinteressene. Konsesjon til Sunnfjord Energi AS gjev såleis størst verdiar attende til lokalsamfunn og Jølster kommune.*

*Jølster kommune vil tilrå at Sunnfjord Energi får konsesjon til utbygging og drift av Jølstra kraftverk føresett at det vert stilt følgjande vilkår for konsesjonen:*

- 1. Det må etablerast reinskerist/fiskestengsel ved inntaket til tunnel i kraftanlegget*
- 2. Det vert sett i verk radiomerking av storaure for å sjå på områdebruk både før, under og minimum 5 år etter arbeidet med reguleringa er ferdig.*



3. *Det vert etablert gangbru med ei breidde på 2 m og universell utforming over Kvamsfossen for å legge til rette for bruk av friluftsområde*
4. *Det vert utarbeidd plan for tursti og gjenbruk av anleggomsråde for friluftsføremål. Det er eit minstekrav at utbyggar etablerer, byggjer og vedlikeheld for all framtid, rundsti og gangbru over elva ved Kvamsfossen som knyt saman turstiar på begge sider av elva. Rundsti og gangbru skal ha ei minimum breidde på 2 m og universell utforming.*
5. *Det vert sett vilkår om fiskefond med årleg bidrag til Jølster kommune på kr 100.000,- i 2014 verdi. Årleg bidrag skal oppjusterast i samsvar med konsumprisindeksen kvart tredje år.*
6. *Det vert sett vilkår om opparbeiding og vedlikehald av terskelpunkt i naturstein på berørt utbyggingsstrekning, for å oppretthalde kulpar for større fisk, og fisketrapp eller anordning for fiskevandring over Tongahølsdammen.*
7. *Det vert set krav om næringsfond med årleg bidrag til Jølster kommune på kr. 800.000,- kr i 2014 verdi. Årleg bidrag skal oppjusterast i samsvar med konsumprisindeksen kvart tredje år.*
8. *Det vert sett vilkår om opparbeiding av framføringsvegar for fiberkabel til fastbuande bedrifter og offentleg verksemder i grendene Langhaugane – Stakaldefossen – Flaten - Grimsbø – Slåtten og Kvammen.*
9. *Overskotsmasse frå tunneldriving skal nyttast til opparbeiding av Moskog industriområde. Utbyggar skal syte for og koste transport og planering av overskotsmasse til Moskog industriområde i område K2, K3 eller K4 i godkjent områdereuleringsplan for Moskog industriområde.*

*Med slike vilkår meiner Jølster kommunestyre ut frå ei heilskapleg vurdering at konsesjon til bygging og drift av Jølstra kraftverk har større fordelar enn ulemper for lokalsamfunn, kommunen og storsamfunnet. Desse vilkåra gjeld også om Nordkraft vert tildelt konsesjonen.*

*Det vert elles vist til administrasjonen si saksutgreiing i høve NVE sitt vidare arbeid med konsesjonssøknaden.*

V sitt framlegg/UPU si tilråding fekk 8 røyster

Resultat:

Sp sitt framlegg fekk fleirtal av røystene og vart vedteke.

#### **KST-051/14 Vedtak:**

Jølster kommunestyre kan ikkje tilrå utbygging av Jølstra kraftverk slik konsesjonssøknad frå Nordkraft AS og Sunnfjord Energi AS ligg føre.

Dei evigvarande konsekvensane for fiske, friluftsliv og reiseliv som følgje av utbygging av Jølstra vert ikkje tilstrekkeleg kompensert og avbøta i søknadane.

Jølster kommunestyre vurderer at den største utbygginga gjev mest fornybar energi i samsvar med nasjonale mål, samtidig som den i størst grad ivaretek samfunnsinteressene.

Jølster kommunestyre krev at NVE bringer dei to konsesjonssøkjjarane saman om krav om ei felles utbygging.

Jølster kommunestyre vil tilrå den største utbygginga og drift av Jølstra kraftverk føreset at det vert stilt følgjande vilkår for konsesjon:

1. Det må etablerast reinskerist/fiskestengsel ved inntaket til tunnel i kraftanlegget
2. Det vert sett i verk radiomerking av storaure for å sjå på områdebruk både før, under og minimum 5 år etter arbeidet med reguleringa er ferdig.
3. Det vert etablert gangbru med ei breidde på 2 m og universell utforming over Kvamsfossen for å legge til rette for bruk av friluftsområde
4. Det vert utarbeidd plan for tursti og gjenbruk av anleggomsråde for friluftsføremål. Det er eit minstekrav at utbyggar etablerer, byggjer og vedlikeheld for all framtid, rundsti og gangbru over elva ved Kvamsfossen som knyt saman turstiar på begge sider av elva. Rundsti og gangbru skal ha ei minimum breidde på 2 m og universell utforming.
5. Det vert sett vilkår om fiskefond med årleg bidrag til Jølster kommune på kr 100.000,- i 2014 verdi. Årleg bidrag skal oppjusterast i samsvar med konsumprisindeksen kvart tredje år.
6. Det vert sett vilkår om opparbeiding og vedlikehald av terskelpunkt i naturstein på berørt utbyggingsstrekning, for å oppretthalde kulpar for større fisk, og fisketrapp eller anordning for fiskevandring over Tongahølsdammen.
7. Det vert sett krav om næringsfond med årleg bidrag til Jølster kommune på kr. 800.000,- kr i 2014 verdi. Årleg bidrag skal oppjusterast i samsvar med konsumprisindeksen kvart tredje år.
8. Det vert sett vilkår om opparbeiding av framføringsveggar for fiberkabel til fastbuande bedrifter og offentleg verksemder i grendene Langhaugane – Stakaldefossen – Flaten - Grimsbø – Slåtten og Kvammen.
9. Overskotsmasse frå tunneldriving skal nyttast til opparbeiding av Moskog industriområde. Utbyggar skal syte for og koste transport og planering av overskotsmasse til Moskog industriområde i område K2, K3 eller K4 i godkjent områdereuleringsplan for Moskog industriområde.

Med slike vilkår meiner Jølster kommunestyre ut frå ei heilskapleg vurdering at konsesjon til bygging og drift av Jølstra kraftverk har større fordelar enn ulemper for lokalsamfunn, kommunen og storsamfunnet.

Det vert elles vist til administrasjonen si saksutgreiing i høve NVE sitt vidare arbeid med konsesjonssøknaden.

---

## Saksutgreiing:

### Innleiing

Jølster har etter mange utbyggingar av småkraftverk og utbygginga av Kjøsnestjorden kraftverk blitt ein stor leverandør av rein fornybar energi. Det vert i dag årleg produsert 404 GWh fornybar elektrisk energi i Jølster kommune. Den omsøkte utbygginga i Jølstra er ei svært stor utbygging i nasjonal samanheng, og ei utbygging av Jølstra vil truleg vere den siste store kraftutbygginga i regionen.

Jølstravassdraget er livsnerven i Jølster, og elva Jølstra representerer evigvarande verdier for lokalsamfunnet. Jølstra er ei viktig fiske- og raftingelv, og er ein viktig merkevare og ressurs i friluftsliv og reiseliv.

Ein konsesjon er eit løyve til å byggje og drive eit energianlegg. For at konsesjon skal kunne verte gjeve må fordelane vere større enn ulempene for ålmenne interesser og for samfunnet som heilskap, jfr vassressurslova § 19, 2. ledd og vassdragsreguleringslova § 8.

Det er NVE som skal vurdere og gje innstilling til konsesjon for Jølstra kraftverk til Olje og energidepartementet. Eventuell konsesjon til utbyggjar vert gjeve gjennom kongeleg resolusjon. Kommunestyret skal gjere ei heilskapleg vurdering av om fordelane ved utbygginga er større enn ulempene for kommune og lokalsamfunnet. Kommunestyret kan setje fram krav om avbøtande tiltak for negative konsekvensar av kraftutbygginga, foreslå alternative løysingar og kome med krav om tilleggsutgreingar. Enkelt sagt handlar denne saka om Jølstra har meirverdi slik den ligg i dag, eller om eit utbygging vil gje meirverdi for Jølster kommune og lokalsamfunnet.

NVE har og ei forventning om at Jølster kommune skal prioritere og gje innstilling til kva konsesjonssøkjjar som skal få konsesjon dersom kommunestyret er positiv til at konsesjon verte gjeve.

Det er sendt inn konkurrerande søknadar om utnytting av delar av fallet i Jølstra frå Tongahølen – Stakaldefossen og til Reinene i Førde kommune. Sunnfjord Energi AS søker om utnytting av fallet frå Tongahølen (Jølster) med utløp i Reinene (Førde) medan Nordkraft AS søker om utnytting av fallet mellom Tongahølen og til eksisterande kraftverk i Stakaldefossen.

[Søknad med vedlegg, Sunnfjord Energi AS](#)

[Søknad med vedlegg Nordkraft AS](#)

Både vassveg og kraftstasjon er planlagd i fjell for begge alternativa. Berekna årleg produksjon er hhv. 176 og 131 GWh i ny energi. Sunnfjord Energi AS søker òg om oreigningsløyve for naudsynt grunn og rettar for å byggje og drive kraftverket, inkludert rett til all naudsynt ferdsle og transport. Samstundes søker Sunnfjord Energi AS om førehandstiltredning som inneber at grunn og tilkomstrett kan takast i bruk før skjønn er halde.

Søknaden med konsekvensutgreiing vert handsama etter reglane i vassdragsreguleringslovas § 6. Høyringsfristen er sett til 15.09.2014 og uttalar skal sendast elektronisk via [www.nve.no/vannkraft](http://www.nve.no/vannkraft) eller per brev til NVE Konsesjonsavdelinga, postboks 5091, Majorstua, 0301 OSLO.

Utbyggerane søker om konsesjon etter reglane i:

- [Industrikonsesjonslova](#) (Erverv av fallrettar)
- [Vassressurslova](#) (løyve til bygging av kraftverk)
- Energilova (Anleggskonsesjon)
- Oreigningslova (Oreigning av fast grunn)

- Reglane i [vassdragsreguleringslova](#) kjem og til bruk

I tillegg må konsesjonssøknaden vurderast om mot regelverket i sektorlover som forureiningslova, naturmangfaldslova, kulturminnelova m.fl.

Saka vert handsama av Utval for Plan og Utvikling og kommunestyret i Jølster kommune. Det er arrangert to opne folkemøte om saka, eit ved førehandsmeldinga av søknadane og eit etter at søknadane var sendt. Det vart arrangert synfaring for Utvalet og kommunestyret i høve saka den 26.08.2014. Begge utbyggerane var representert på synfaringa, og fekk høve til å gje sine innspel.

Sakshandsaminga er lagd opp slik at ein beskriv begge søknadane kvar for seg med omsyn til tekniske skildringar. Administrasjonen legg til grunn i den vidare sakshandsaminga at sidan søknadane gjeld mykje av det same fallet så vil konsekvensane for dei ulike fagtema og verte mykje dei same. Søknadane vil difor omtalast under same kapittel, og kommenterast eksplisitt om konsekvensane skulle vere ulike. Dette gjeld for heile området ned til Stakaldefossen. Frå her og ned til Reinene vil kommenterast under eige punkt. Til slutt vert det gjort ei samla vurdering/prioritering av søknadane.

## **Teknisk skildring**

### **Om søknaden til Sunnfjord Energi AS**

Sunnfjord Energi AS utviklar og produserer fornybar energi, og eig heilt eller delvis 10 kraftverk med ein samla medelproduksjon på om lag 500 GWh. Denne kraftproduksjonen dekkjer behovet til om lag 25 000 husstandar i forsyningsområdet, som omfattar dei syv kommunane Jølster, Førde, Gaular, Fjaler, Hyllestad, Solund, Naustdal. Selskapet eig og driv det regionale leidningsnett i området.

Konsernet Sunnfjord Energi eiges av nemnde kommunar og BKK, og består av Sunnfjord Energi AS, Fossheim Energiverk AS, Kjøsnesfjorden Kraftverk AS og Enivest AS. Sunnfjord Energi AS har i tillegg eit tilknytt selskap Etrygg AS og er deleigar i vindkraftselskapa Vestavind Kraft AS og Sula kraft AS. Konsernet har i dag 160 tilsette.

### Skildring av tiltaket :

Grunngjevinga for tiltaket er ynskje og målet om å auke i produksjonen av fornybar energi, jamfør lokale og nasjonale målsettingar. Sunnfjord Energi AS legg til grunn at det omsøkte prosjektet vil bidra til å halde Noregs forpliktingar knytt til EU's fornybardirektiv.

Tiltaksområdet ligg i både Jølster og Førde kommune med inntak i Tongahølen (Jølster ) og utlaup på Reinene i Førde kommune. Det er fleire andre kraftverk i nedslagsområde og i tillegg til Stakaldefossen ligg også Kjøsnesfjorden kraftverk, Jølstraholmen og Brulandsfoss kraftverk. Jølstravassdraget står samla sett for produksjon av 400 GWh.

Det aktuelle utbyggingsalternativet omfattar hovudløpet i Jølstra frå Tongahølen til Reinene i Førde. Nedbørsfeltet for kraftverket er på 408,13 km<sup>2</sup> med ei middelvassføring på 30,83 kubikk/sek. Alminneleg lågvassføring er 4,4 kubikk /sek, og 5 persentil sommar er 19 kubikk/sek og 4,14 kubikk/sek om vinteren. Restvassføring i vassdraget er 1,36 kubikk/ sek. Inntaket ligg på 172,8 moh med utlaupet på 42 moh. Det er eit elvekraftverk med moderat volum i inntaksbassenget på 0,07 mill. kubikk. Lengda på berørt elvestrekning er 5,6 km, med ei brutto fallhøgde på 131,8 meter. Maksimum slukeevne er 55 kubikk/sek og minimum

slukeevne er 3,5 kubikk/sek. Planlagd minstevassføring sommar ( 15.5 – 30.09) er 12 kubikk/sek, og planlagd minstevassføring om vinteren er 4 kubikk/sek.

Årleg middelproduksjon er sett til 209 GWh med ein produksjon av 176 GWh i ny energi. *(Ny energi er produksjon i Jølstra Kraftverk med fråtrekk for tapt produksjon i Stakaldefossen på 33 GWh/år).* Sunnfjord energi har nytta ein anna produksjonsberekning enn Nordkraft AS, og deira berekning viser at med same grunnlag for produksjonsberekning som er nytta i Nordkraft AS sin søknad vil midlere produksjon i Sunnfjord Energi AS sitt prosjekt vere på 233 GWh.

Utbyggingsprisen for ny energi er 4,00 Kr/kWh med ein utbyggingspris fordelt på energi og effekt på 3,37 Kr/kWh.

#### Reguleringar og overføringar:

Administrasjonen legg til grunn at dette vil vere likt for begge søknadane og vert difor omtalt samla for begge. Jølstravatnet er regulert med ein nåledam som fekk konsesjon i 1952. Føremålet med denne var å sikre ei minimumsvassføring i Jølstra om vinteren, slik at kraftforsyninga til Førde skulle bli stabil. Denne reguleringa gjeld kun vinterstid. Mellom 15. april og 1. oktober er nålene i dammen fjerna og vassføringa følgjer det naturlege tilsiget. Noverande reguleringsorgan tilfredsstillar ikkje dagens krav til tryggleik, og må uavhengig av dette prosjektet oppgraderast i næraste framtid.

Det er ingen andre overføringar inn i vassdraget, og det planleggast heller ingen nye reguleringar eller overføringar.

#### Inntaket:

Inntaket er plassert på same stad for begge prosjekta, dykka ned i fjellet i enden av Tongahølen. I Sunnfjord Energi sin søknad er det planar om å bygge ein låg terskel på 1-2 meter ved utlaupet av hølen for å halde på eit stabilt vasspegel og gode innstraumingsforhold ved inntaksarrangementet. Terskelen vert svakt bua, og får ein overløpslengd på 50 meter. Total lengd med tappearrangement vert om lag 65 meter. For å hindre ned demming av areal ved flaum vert det bygd flaumvollar på nordsida og sørvestsida av inntaksbassenget med topp på kote 175,5 moh. I den nordlige delen av dammen vert det laga ein lukekonstruksjon med glideluker for slepp av minstevassføring. Inntaksbassenget vil strekke seg 300 meter opp i elva og få eit areal på 35 000 m<sup>2</sup> og eit volum på 70 000 kubikk ved medelvassføring på 30 kubikk/sek. Fram mot inntaket vert botnen kanalisert i ei lengd på om lag 180 meter.

#### Vassveggar og tilkomsttunellar:

Tillaupstunellen for ein tilnærma horisontal lågtrykksdel, og trykktunell med helning på 1:8. Lågtrykkstunellen på eit tverrsnitt på 48 m<sup>2</sup> og ei lengd på 3400 meter. Trykktunellen får ei lengd på 860 meter og eit areal på 55 m<sup>2</sup>. Tunellen skal drivast frå begge sider, men det meste av arbeidet vil gå føre seg frå kraftstasjonsområdet. Det er ikkje naudsynt med tverrslag. Ein planlagd svingtunell får lufting opp i dagen ved Kyraklypet med eit enkelt betongoverbygg. Avlaupstunellen får ei lengd på 1350 meter. Tilkomsttunellen vert plassert om lag 50 meter nedanfor inntakstunellens påhugg, og får ei lengd på 320 meter.

#### Kraftstasjonen:

Leggast i fjell med eit volum på 20 000 m<sup>3</sup>. Det planleggast etablert eit omløpssystem som automatisk trer i kraft ved utfall av kraftstasjonen. Omløpet vert dimensjonert etter

naudsynt vassbehov for å dekkje konsesjonskrava for drift av Brulandsfossen kraftverk. Kraftverket er planlagd med total slukeevne på 55 kubikk/sek fordelt på til Fracisturbinar med effekt på 20 og 40 MW. Frå transformatorane til eksisterande 132 kV utandørs koplingsanlegg i Moskog transformatorstasjon leggest 2 kablar. Traseen vert om lag 620 meter lang, kor 240 meter er i sjakt. Sunnfjord Energi har fått teikna portalbygg for kraftstasjon av arkitektfirmaet X-form.

#### Massedeponi og vegar:

Deponi i inntaksområdet vil bli det nedlagde grustaket rett ved inntaket. Her kan massen deponerast for eventuell seinare bruk. Eller den kan leggest jamt utover området. Det er snakk om 80 000 kubikk og Sunnfjord Energi søkjer primært om å arrondere massane på staden og revegetering av området her.

Massane som vert teke ut i kraftstasjonsområde på om lag 450 000 kubikk er tenkt å anten gå til oppbygging av planlagd industriområde, eller til jordbruksformål. Det vert ikkje mykje transport av massar sidan deponia er så nærme både påhogg og kraftstasjonsområde. Utbyggingsområde er lett tilgjengeleg og det er trong for minimalt med vegbygging. Rådmannen har i samråd med rådmannen i Førde inngått avtale med Sunnfjord Energi AS om at masse som er naudsynt til Moskog industriområde vert tilkøyr og stilt til disposisjon for kommunane utan vederlag.

#### Arealbruk:

Jølstra kraftverk vil i all hovudsak vere eit anlegg som ligg i fjell. Difor vil arealbruken i byggjetida vere meir omfattande enn den endelege arealbruken når byggjetida er ferdig. Det som beslaglegg mest areal er areal knytt til deponering av massar. Sidan mykje av dette er planlagd nytta til anten landbruksformål eller til opparbeiding av industriområde, vil areal til dette i praksis ikkje vere «permanent» arealbruk. Arealbehovet er sett opp i tabell 5-1 i søknaden og her kjem det fram at behovet er totalt 136,6 dekar. 130 dekar av dette er areal for lagring av overskotsmassar som nemnd over.

#### Eigedomstilhøve:

Fallrettane og grunnen på strekinga Tongahølen – Reinene er eigd av både private grunneigarar og av Sunnfjord Energi AS. 27 eigdommar med til saman 40 private grunneigarar vil verte berørt. Sunnfjord Energi AS har inngått avtale med grunneigarane nedstraums Stakaldefossen i Førde kommune, og disponerer med det 46,9 % av fallrettane. Fjellkraft/Nordkraft har inngått avtale med grunneigarane ovanfor Stakaldefossen i Jølster kommune, og disponerer resten av fallrettane på 52,2 %. Sogn og Fjordane Fylkeskommune eig ein liten teig ved Reinene tilsvarande 0,9 % av fallrettane, og vil venta med å skrive under kontraktar til en konsesjon er gitt.

#### **Om søknaden til Nordkraft AS**

Nordkraft Vind og Småkraft AS er eit heileigd dotterselskap av Nordkraft AS. Nordkraft driv med utvikling av småkraftverk, i tillegg til drift av eksisterande og større kraftverk. Selskapet eig og drifter vatn- og vindkraft tilsvarande ein årsproduksjon på om lag 1,2 TWh. Heile prosjektporteføljen er lokalisert innanlands, med brei geografisk fordeling og prosjekt i alle landsdelar. Nordkraft er lokalisert med hovudkontor i Narvik og eigd av Hågoland kraft, Narvik kommune og Troms kraftforsyning og Energi AS, og er såleis 100% offentleg eigd.

#### Skildring av tiltaket

Grunngjevinga for tiltaket er ynskje og målet om auke i produksjonen av miljøvennleg og fornybar energi.

Tiltaksområdet ligg i Jølster kommune med inntak i Tongahølen og utlaup ved Stakaldefossen. Det er fleire andre kraftverk i nedslagsområde i tillegg til Stakaldefossen, som Kjøsnesfjorden kraftverk, Jølstraholmen og Brulandsfoss kraftverk. Jølstravassdraget står samla sett for produksjon av 400 GWh. Nedbørsfeltet for kraftverket er på 408 km<sup>2</sup> med ei middelvassføring på 32,5 kubikk/sek. Alminneleg lågvassføring er 3,8 kubikk /sek, og 5 persentil sommar er 17 kubikk/sek og 3,2 kubikk/sek om vinteren.

Kraftverket vil nytte fallet på ei 4,6 km lang strekning mellom inntaket i Tongahølen og kraftstasjonen ved Stakaldefossen, med brutto fallhøgde på 74 m. Både kraftstasjon og røyrgate skal i sin heilheit ligge i fjell. Maksimum slukeevne er 45 kubikk/sek og minimum slukeevne er 4 kubikk/sek.

Det er planlagd minstevassføring med 20 kubikk/sek (1. juni – 31. aug mellom kl. 10 – 17) og 3,5 kubikk/sek resten av døgnet om sommaren. Dette grunna omsyn til rafting i elva. Overgang mellom minstevassføringane er planlagt å gå gradvis over om lag 0,5 – 1 time. Vintervassføring er planlagt slept jamt over døgnet, med ei minstevassføring på 3,5 kubikk/sek. Restfeltet er berekna til 7,8 kubikk/sek like nedstrøms inntaket, og 9 kubikk/sek like oppstrøms Stakaldefossen. Berekna årleg produksjon er 131 GWh i middelproduksjon, der utbyggingsprisen er 2,94 kr/kWh.

### Inntaket

Inntaket er plassert på same stad for begge prosjekta, dykka ned i fjellet i enden av Tongahølen. Ved utløpet skal det byggast ein 50-60 m lang terskel, som skal sikre stabil vasstand i inntaksmagasinet, samt sikre slepp av minstevassføring. Denne vil verte utført i betong og heve vasstanden med 0,5 - 1 m. Det er delvis grunt i Tongahølen og det vil i tillegg bli tatt ut massar/kanalisert for å oppnå gunstig innstrøymingsforhold mot inntaket. Oppdemt areal blir ca. 10 000 – 14 000 m<sup>2</sup>.

### Vassveggar og tilkomsttunellar

Røyrgate er tenkt plassert i fjell heile strekinga, med ei lengde på 4115 m. Tunnelen skal drivast frå to påhogg; tverrslag like nedstrøms inntaket og via tilkomsttunnell. Tilkomst til tverrslaget vert via eksisterande masseuttak. For tilkomsttunnelen vil vegen til Moskog trafostasjon verta nytta, og det er kun behov for 100 – 150 m ny veg frå denne.

Det er vurdert å ta inn Slåttegrove i eitt bekkeinntak på tilløpstunnelen, der produksjonsevna å dette vert omlag 0,6 GWh/år. Nødvendige føresetnader, samt plassering, for kombinasjon svingesjakt/ bekkeinntak skal avklarast i seinare fase.

### Kraftstasjonen

Kraftstasjonen vert bygd i fjell, og er planlagd med total slukeevne på 45 kubikk/sek, og får ein yting på om lag 28 MW. Det er planlagt ein omløpsventil i stasjonen som skal kunne sikre at vassføringa nedstraums stasjonen ikkje fell brått ned til null ved utfall av stasjonen. Tilkomsten til stasjonen vert via ein om lag 450 m lang tilkomsttunnell med påhogg, på utsida av den nye Moskog trafostasjon. Frå stasjonen vert tilknytingskabel ført til tilknytingspunkt på Moskog trafostasjon.

### Massedeponi og vegar

Utbygginga krev plass for å deponere om lag 320 – 350 000 m<sup>3</sup> tunnelmasse. Deponering av massar er aktuelt på steinbrotet ved inntaket, som jordforbetringstiltak på Grimsbøen, samt Moskog industriområde er føreslått i samråd med grunneigarar.

Tilkomst til inntaket/tverrslaget vert via eksisterande veg og ein kort strekning ny veg fram til damterskelen. Veg til påhogg for tilkomsttunnelen for kraftstasjonen vert bygd som ei kort avgreining frå den nye vegen som Statnett har bygt til nye Moskog transformatorstasjon.

Utbyggingsområde er såleis lett tilgjengeleg og det er trong for minimalt med vegbygging.

### Tilknytning til kraftverk

Tilknytning er planlagt til den nye 420kV linja Ørskog – Sogndal med transformatorstasjon på Moskog, der SFE Nett/ Statnett er områdekonsesjonær. Netttilknytninga er planlagt som kabel i fjell gjennom tilkomsttunnelen, og vil vera vidare nedgrave fram til Moskog transformatorstasjon.

### Arealbruk:

Jølstra kraftverk vil i all hovudsak vere eit anlegg som ligg i fjell. Difor vil arealbruken i byggjetida vere meir omfattande enn den endelege arealbruken når byggjetida er ferdig. Det som beslaglegg mest areal er areal knytt til deponering av massar. Sidan mykje av dette er planlagd nytta til anten landbruksformål eller til opparbeiding av industriområde, vil areal til dette i praksis ikkje vere «permanent» arealbruk. Arealbehovet er sett opp i tabell 5 i søknaden og her kjem det fram at permanent behov er totalt 35 dekar, men her er ikkje all arealbruk for lagring av overskotsmasse tatt med.

### Eigedomstilhøve:

Fallrettane og grunnen på strekninga Tongahølen – Stakaldefossen er eigd av private grunneigarar. Fallrettseigarane har gjennom avtale gjeve søkjar Nordkraft AS, disposisjonsrett over fallrettane med formål å søke konsesjon for bygging av Jølstra kraftverk. Prosjektet er såleis eit samarbeid mellom Nordkraft AS og fallrettseigarane, og eigarskapet vert delt mellom desse, der grunneigarane sin eigarskap vert avgrensa til maks 20%.

### Forholdet til offentlege planar og verneplanar

Tilhøvet til offentlege planar og verneplanar vil vere likt for begge søknadane.

Utnytting av fallet i Jølstra er utgreidd i *Samla plan for vassdrag*. I 2009/2010 vart det søkt om fritak frå Samla Plan for kraftutbygging mellom Jølstravatnet og Movatnet. Grunna høg konfliktgrad øvst på strekninga, vart fritak berre gjeve for strekninga mellom Tongahølen og Movatnet. Jølstra er ikkje verna i *Verneplan for vassdrag*, og det ligg heller ikkje føre andre overordna planar som vil kome i konflikt med utbyggingsplanane.

Elvestrekningen ligg i LNF-området etter gjeldane kommuneplan. Størstedelen av tippmassane vil plasserast i eitt område som er regulert til Moskog industriområde. Inntaksområde ligg på strekninga for ny E39 mellom Moskog og Vassenden. Dei foreløpige planane for tunnellinislag og stigning på ein eventuell vegtunnell tilseier at det vil vera uproblematisk i forhold til ein tillaupstunnell for Jølstra kraftverk. Eitt alternativ er tenkt å gå forbi inntaks-tverrslags og deponiområdet, slik at her må det gjerast ein del tilpassingar i detaljfasen om dette alternative vert realisert.

### **Konsekvensar**



I samband med konsekvensutgreiinga er det utarbeidd fagrapportar som dekkjer alle aktuelle fagfelt som NVE har kravd skal utgreiast. Konklusjonar og korte samandrag frå rapportane for dei viktigaste konsekvensane er attgjevne nedanfor. Jølster kommune vel å skildre og kommentere fagfelte knytt til arealbruk, landskap, naturmiljø, fisk og ferskvatn organismar, ureining, friluftsliv, reiseliv, samfunnsinteresser og økonomi, og viser til konsesjonssøknadane, samt rapportane for vurdering av resterande fagfelt.

Konsekvensane vil vere relativt like for dei to prosjekta og er difor omtala under eitt. Ulikskapen er at Sunnfjord Energi søkjer om å nytta ei lengre elevstrekning en søknaden til Nordkraft. Omfanget av konsekvensane vert difor monaleg større. Likevel vil effekten i området mellom Tongahølen og Stakaldefossen vere relativt sett like knytt til vassføring.

#### Konsekvensar for landskap:

Heile influensområde er prega av ulike menneskelege aktivitetar. E39 går gjennom heile dalføret og det er spreidd gardsbusetnad på utbyggingsstrekninga. Jølstravatnet er regulert, og det er tre kraftverk i hovudelva nedom Jølstravatnet; Jølstraholmen, Stakaldefossen og Brulandsfossen.

Tiltaket vil ikkje få innverknad på INON. Det er først og fremst endring i vassføringa i Jølstra med lange periodar med minstevassføring som vil gje negative konsekvensar for landskapsbiletet. Sjølve kraftverket vil verte bygd i fjell, men anleggsinngrep i dagen og massedeponi vil likevel vera skjemmande i landskapet ei tid før det etter kvart gror meir eller mindre til.

#### Kommentar:

Jølster kommune seier seg einig i dette og har ikkje noko fleire tilføyingar her.

#### Konsekvensar for naturmiljø:

Influensområdet har fleire påviste raudlisteartar; vasshalemose (VU), skorpefiltlav (NT), oter (VU), fiskemåse (NT), strandsnipe (NT) og fossefall. Samla vert det vurdert til at tiltaket har middels negativ verknad på raudlisteartar både i anleggsfasen og i driftsfasen.

For dei sterkt fuktigheitskrevjande moseartane vil redusert vassdekning gje middels negativ verknad. For vasshalemose vurderast tiltaket å gje middels til stor negativ verknad. For skorpelaven er endringar i temperatur truleg viktigare enn endringar i vassføring. Samla er verknad for karplantar, mosar, lav og sopp vurdert til å vera middels negativ.

I sjølve tiltaksområde er det registert frå før ein gamal fattig edellauvskog ved Støfring. I tillegg blei det registert sju lokalitetar med gråor-heggeskog og to lokaliteter med gamal lauvskog. Redusert vassføring kan påverke markfuktigheita, og er vurdert til å gje middels til liten negativ verknad på gråor-heggeskog naturtypen, og dette er også den samla vurderinga av tiltaket for naturtypar i området.

Tiltak- og influensområde inngår i eit regionalt viktig vinterbeiteområde for hjort. Sjølve anleggsfasen kan vera negativ for mange artar grunna auka støy og trafikk. Etter avslutta arbeid vil ein stor del av inngrepsområda på ny kunne nyttas av viltet. Samla verknad for fugl og pattedyr er forventast å vera liten til middels negativ både i anleggsfasen og driftsfasen. Redusert vassføring forventast å ha middels negativ verknad på fossefall.

### Kommentar:

Søklarane vurderer det slik at føreslått minstevassføring vil sikre betydeleg vassdekt areal og er tilstrekkeleg for førekomstane av oter, fossefall og andre vasstilknytt fuglearter, samt dei fuktigheitskrevjande kryptogamane langs elva. Redusert vassføring kan vera negativ for sjeldne pionerartar av plantar i og nær elvelaupet, og der kan spyleflaumar vere eit tiltak for å hindre attgroing. For vasshalemose er truleg føreslått minstevassføring ikkje nok, og Nordkraft føreslår å leie noko av vatnet frå hovudlaupepet til sidelaupet, der vasshalmosen er. Dette vurderer Jølster kommune er eit godt tiltak.

Kommunen har ikkje andre registreringar som avdekkjer eventuelle raudlisteartar og naturtypar, men vi kan likevel ikkje sjå heilt bort frå at det kan finnast. Kommunen påpeiker også at summen av utbygde og planlagde kraftanlegg kan gje ein større negativ verknad på fossefall enn den som er konkludert med i rapporten. Rådgivande biologar føreslår også reirkassar i fossefall for fossefall som eitt tiltak, og kommunen støttar dette tiltaket.

For konsekvensar knytt til hjort og hjortens område bruk vert det synt til den miljøfagleg vurderinga seinare i saksutgreiinga.

### Konsekvensar for fisk og ferskvassorganismar:

I følgje rapporten til rådgjevande biologar har elvestrekninga Vassenden – Tongahølen, Stakaldefossen – Movatnet, samt Movatnet, gyte- og oppvekstområde for storaure. Det er funne høg tettleik av aureungar ved utlaupepet av Tongahølen (1997), og stor fisk brukar og Tongahølen som beiteområde.

Strekninga mellom Kvamsfossen og Stakaldefossen har ikkje storaure eller anadrom fisk, og har relativt liten verdi med omsyn til fisk og ferskvassorganismar i følgje rapporten til rådgjevande biologar. Botndyrfaunaen er vanlege artar og ingen raudlista artar er observert. Dei negative verknadane i anleggsfasen er knytt til utgraving av kanal og oppnemning av Tongahølen, samt eventuelle skadeverknader av steinstøv eller nitrogenforbindelsar. Utgraving og oppdemning kan føre til kortvarig fortrenging av ein del aure og botndyr i anleggsområde. Erfaring frå anleggsarbeid som fører til steinstøv mm, viser at det oftast ikkje vert særleg omfattande skadeverknader av dette, grunna at ein gjer avbøtande tiltak for å dempe dei mest akutte verknadane av slike tilførslar.

Det blir vurdert at Tongahølen sannsynlegvis vil forsette å vera eit godt gyte- og oppvekstområde også etter utbygginga, og at eventuelle habitatsendringar kun påverkar ein liten del av gyte- og oppvekstområda. Ein del ungfisk av storaure vil hamne i kraftverksinntaket, men ikkje overstige det som i dag dett utfor Kvamsfossen i følgje rådgjevande biologar. Sunnfjord energi påpeiker at Tongahølen vil ha eit større område med stilleflytande vatn etter utbygging, og at dette kan favorisere ørekyte.

For strekninga Kvamsfossen – Stakaldefossen vil redusert vassføring vere den viktigaste fysiske endringa i vassdraget. I sum vert det vurdert at den føreslegne vassføringsreduksjonen mest sannsynleg vil ha ein liten til moderat positiv effekt på fiskeproduksjonen på den aktuelle strekninga, grunna auke av habitat sentralt i elva, samt mindre tap av egg og plommesekeyngel (pga. mindre flaum).

Raske vassføringsreduksjonar kan medføre stranding av ungfisk. Sidan store delar av strekninga består av bratte stryk og store hølar, vil ikkje reduksjon i vassdekning i den storleiksorden som er beskrive her ikkje medføre nemneverdig strandingsfare i følgje rapporten.

Forskjellen frå dagens situasjon i vassstemperatur vil verte små og såleis vil endra vassstemperatur ikkje medføre nemneverdige effektar for akvatiske organismar. Det kan forventas at det vert noko auka islegging i strandsona i grunne parti, men dette vil truleg ikkje ha nemneverdig effekt på ferskvassorganismar som fisk og botndyr.

Etablering av inntak i Tongahølen sannsynleggjer at ørekyt jamnleg havnar i kraftverket, og dette vil truleg medføre ein betydeleg sjanse for etablering av ørekyt i inntaksdammen til Stakaldefossen kraftverk/Reinene, og såleis framskande spreining av ørekyt frå Tongahølen til Movatnet. Sunnfjord Energi planlegg ein inntakskonstruksjon med dykka inntak (3 meter) for å redusere risikoen for at aure trekkas/symjer inn.

Storaurestammene i Jølstravatnet og Movatnet har ulik økologi. Utbygginga vil sannsynlegvis føre til ei viss auke i innblanding av genar frå Jølstravatnet-storaure i storaurestammen i Movatnet.

#### Kommentar:

Rapporten til Nordkraft konkluderar med at strekninga mellom Kvamsfossen og Stakaldefossen ikkje har storaure, og har relativt liten verdi med omsyn til fisk og ferskvassorganismar. Sunnfjord Energi sin rapport er ikkje så bastant, og opnar opp for at strekninga har ein viss verdi, men at dette er marginalt samanlikna med resten av elva. Jølster kommune meiner strekninga ikkje er undersøkt godt nok. Rapporten til Nordkraft vurderer også tapet av ungfisk til tunnell som lik og samanliknbar med den som «dett» nedanfor Kvamsfossen i dag. Denne konklusjonen er ikkje kommunen samde i. Fisken som «dett» nedanfor Kvamsfossen vil ikkje verte øydelagt på same måte som den som går i tunnellen. Kommunen vil også hevde at Kvamsfossen ikkje er eitt absolutt vandringshinder slik rapporten til Nordkraft fastslår, og dette vert understetta av Sunnfjord Energi sin rapport. I tillegg kjem den uheldige verknaden av spreining av storaure til Movatnet, som truleg har ein annan genetisk stamme av storaure. Sunnfjord Energi planlegg dykka inntak for å redusere risikoen for at fisken trekkas inn, medan Nordkraft ikkje har noko tiltak for dette. Jølster kommune meiner at søkjarane har for lite forslag til avbøtande tiltak knytt til dette, samt for spreining av ørekyte. Dette vil verte omtala meir under punktet om miljøfagleg vurdering.

#### Konsekvensar for ureining:

Miljøtilstanden for Jølstra er svært god for fosfor, nitrogen og pH. Total alkalitet har miljøtilstanden moderat. Dette betyr at bufferkapasiteten for å stå imot forsuring er liten. Årsaka til dette er berggrunnen i området. Likevel er pH – tilstanden i vassdraget vurdert som god målt etter botndyrprøver og liknande. I rapport (Vassdragsovervaking 2012) ser ein at miljøtilstanden for tarmbakteriar er mindre god. I søknaden kjem det fram at dette kan stamme frå landbruk, spreitt avløp eller eit kommunalt reinseanlegg på strekninga. Lågare vassføring vil føre til at reseipientkapasiteten til elva vert redusert, og det kan føre til noko høgare konsentrasjonar av tarmbakteriar nedanfor kloakkreinseanlegget. Konsekvensar i anleggsfasen for vasskvalitet kan vere auka nitrogenkonsentrasjon knytt til avrenning frå tippområdene ved flaum/auka nedbør. Dette vil kunne gje auka grad av

eutrofiering på berørd elvestrekning, men sidan fosfor tilstanden er god vil problemet vert lite. I driftsfasen vil ikkje dette verte noko problem.

Støy, støv og ristingar kan verte eit problem for fem husstandar som ligg nord- vest for tippområdet.

#### Kommentar:

Jølster kommune er einige i at konsekvensane for ureining ikkje vert store. Det er likevel grunn til å kommentere at det er uheldig at støy, støv og ristingar er sett på som eit problem knytt til nemnde husstandar. Salting kan vere eit tiltak som minkar støvproblematikken, og Jølster kommune bed NVE om å vurdere om det kan vere andre tiltak som kan setjast i verk knytt til støy og ristingar, som til dømes støyskjerming.

Sidan middelvassføringa vert redusert vert også resipientkapasiteten i vassdraget redusert.

#### Konsekvensar for friluftsliv, reiseliv, jakt og fiske:

Tiltaks- og influensområdet har regional verdi som reiselivsmål.

Straumen nær den vesle øya midt i Tongahølen er kring dei aller beste fiskeplassane, det er også fanga fin fisk heilt ned til utlaupet av Tongahølen. Majoriteten av fiskarar i Jølstra er tilreisande. Jølstraaren er godt kjend i heile Norge for sin uvanlege storleik, og elva har eit godt rykte nasjonalt og delvis internasjonalt, og står fram som urørt. Jølstra som fiskeelv har nasjonal verdi.

Det har vore kommersiell rafting i Jølstra sidan tidleg på 1990-talet, og elva er kjend som ei av Norges beste raftingelver. Jølster rafting guidar i dag drygt 1500 personar gjennom elva per sesong, og talet er aukande. Det vert satsa på å auke kundetalet med å intensivere marknadsføringa. Jølstra kan raftas i eitt strekk frå utlaupet av Jølstravatnet til Stakaldefossen. 24 kubikk/sek er minste vassføring for rafting i elva, men enkelte strekningar kan kun raftas med vassføring på minimum 28 kubikk/sek. Jølstra som raftingelv har nasjonal verdi.

Jølstra er og kjend som ei av vestlandet sine beste elver for kajakkpadling, der nærleik til veg er også ein viktig eigenskap. Strekinga Kvamsfossen – Stakaldefossen er ein av dei mest interessante partia. Det er hovudsakleg privatpersonar på uorganiserte turar som padlar, og difor er det vanskeleg å kvantifisere bruken. Jølstra har regional verdi for elvepadling. Jølstra har lokal verdi som jaktområde, der hjortejakta er den klart viktigaste. Sjølve tiltaksområde er lite nytta til turgåing og skigåing, og har lokal verdi som utfersområde sommar og vinter. Influensområde har regional verdi som golfområde. Dei negative verknadane i anleggsfasen er knytt til støy, og kor anleggstrafikk eller midlertidige terrengingrep representera fysiske hinder.

Terskelen og oppdemming av Tongahølen vil sannsynlegvis ikkje vera problematisk for manøvrering av raftingflåter mm ved føreslått minstevassføring sommartid. Det er ukjende verknader for Tongahølen som fiskeplass, ved at det vert større vassdjupne, endra straumretning og rolegare straum 200-300 m oppover elvelaupet.

Vassføringa etter utbygging vil ligge under 25 kubikk/sek 90% av tida om sommaren og såleis føre til at det ikkje er grunnlag for drift av raftingfirma ved Jølstra. Jølstra er såleis heller ikkje egna for elvepadling etter utbygging.

Korleis redusert vassføring og dagleg skifte mellom 3,5 og 20 kubikk/sek som minstevassføring vil påverke fiske på strekninga Kvamsfossen – Stakaldefossen er usikkert i følgje Rådgjevande biologer.

Rapporten frå rådgjevande biologar føreslår å auke minstevassføring til 30 kubikk/sek over ein lengre periode enn føreslått sommarstid, som eit avbøtande tiltak. Eit anna tiltak er å utforme terskel på utlaupet av Tongehølen slik at raftingbåtar mm lett kan ta seg over. Det bør og sikrast passasjemoglegheit for turgåarar og fiskarar som ferdast langs Jølstra ved planlagt inntaksdam.

Kommentar:

Nordkraft vektlegg ikkje Tongahølen som god fiskeplass i sin søknad, og har heller ikkje kome med avbøtande tiltak for at Tongahølen fortsatt skal vera ein populær fiskeplass etter utbygging. Rapporten er også usikker på korleis redusert vassføring og dagleg skifte mellom 3,5 og 20 kubikk/sek som minstevassføring vil påverke fiske på strekninga Kvamsfossen – Stakaldefossen, medan Nordkraft meiner 0,5 – 1 times opp- og nedjustering vil vera tilstrekkeleg for å ivareta dette.

Sunnfjord Energi legg ikkje opp til minstevassføring sommartid ( 12 kubikk/sek) som ivaretek elveaktivtear, medan Nordkraft meiner at minstevassføring på 20 kubikk/sek er nok til at elva fortsatt kan brukast til visse aktivitetar. Kommunen og raftingmiljøet seier seg ueinig i dette, og meiner begge føreslåtte minstevassføringar ikkje gjer det mogleg å drive kommersiell rafting, samt at Jølstra vil miste sin status som elvepadlingselv. Nordkraft følg heller ikkje rådet til rådgjevande biologar mht. å auke minstevassføring til 30 kubikk/sek over lengre tidsrom sommarstid, som eit avbøtande tiltak for å redusere dei negative konsekvensane med omsyn på elveaktivitetar. Dette vil verte omtala meir under punktet om miljøfagleg vurdering.

Konsekvensar for naturressursar:

Innafor området Tongahølen – Stakaldefossen (*Begge søknadane*) vert konsekvensane vurdert til å vere dei same i begge prosjekta.

Det er areal ved inntaket som frå før av er utsett for flaum. Dette området står i fare for å verte vassjukt om vasspegelen i Tongahølen/ Flugelona vert heva. I dette området er grasproduksjon som dominerar og vil kunne verte påverka negativt om det ikkje vert sett i gong avbøtande tiltak for å hindre det. Område A i figur 17.2 som ligg på søraust sida av Tongahølen vert i søknaden vurdert til å gå tapt som jordbruksjord grunna vassmeting og forsumping. På det andre arealet rundt Tongahølen vert det etablert flaumvollar som skal hindre problem på desse areala.

Ved kraftstasjonsområde i Moskog vert konsekvensane for jordbruket vurdert til å vere klart positive i søknaden til Sunnfjord Energi. Årsaka til dette er at om ikkje det planlagde industriområdet vert realisert så kan mykje av tunellmassane nyttast til å forbetre jordbruksarealet ved profilering av dette for så å leggje matjorda oppå igjen. For effektane dette gjer i Førde kommune med relevans til Sunnfjord Energi sine planar vert det her vist til Førde kommune si handsaming av saka.

Kommentar:

Jølster kommune meiner det er klart negativt at jordbruksareal vert råka negativt av tiltaka, og at det er naudsynt med avbøtande tiltak for å hindre dette. På areal som skal profilerast vil Jølster kommune minne om at «sprengstein» ikkje har dei same eigenskapane som anna materiale knytt til vasstransport. Arbeidet med profilering må difor gjerast på ein slik måte at dette ikkje vert noko problem. Jølster kommune ser ikkje at tiltaket vil råka skogresursen på særleg negativ måte.

#### Samla belastning:

Kapittel i 20 søknaden til Sunnfjord Energi As omtalar samla belastning og legg til grunn at vassdraget allereie er prega av eksisterande reguleringar, og omtalar sum verknaden for landskap som tosidig. Ein kan sei at verdiar knytt til urørd natur allereie er gått tapt ved eksisterande utbyggingar. På den andre side kan ein sei at det difor vert endå viktigare å ta vare på dei elveavsnitta som ikkje er rørt så langt.

For temaet «naturmiljø» er det nemnd temming av Kvamsfossen, men at det ikkje var funne føsserøypåverka vegetasjon her, og at det slik sett ville vere lite truleg at dette vil medføre meir tap av denne type vegetasjon. Dei legg vidare til grunn at minstevassføringa truleg vil gjere elva godt leveleg for fossefall ved at det framleis vil vere eigna habitat for denne. For hjortevilt er det kommentert at tiltaket i Moskogområde truleg vil gje ein reell negativ effekt på hjorten med grunnlag i anleggsaktivitet i eit viktig knutepunkt for hjorten.

For temaet «friluftsliv» legg dei vekt på at ein truleg vil kunne sjå positive sider ved at utbygginga skjer i allereie påverka vassdrag, og at viktige regionale friluftsliv område vert ivareteke gjennom vern av Nausta og Gaular vassdraget. Storauren er kun nemnd ved at den er ein viktig verdi for sjølve Jølstra vassdraget saman med rafting og padling.

#### Kommentar:

Fisketuristar utgjør 50 -70 % av besøkande til reiselivsverksemdene i området, og fiske er såleis ein svært viktig del av driftsgrunnlaget for reiselivsverksemdene. Det er i tillegg verksemd med rafting/padling i Jølstra, med ca 1200 – 1500 besøkande til Jølster Rafting kvart år. I tillegg er det vesentleg friluftsliv- og sportsaktivitet i området ved Sunnfjord Golfklubb, Jølster skisenter og turløyper for sommarbruk og langrenn om vinteren. Jølster kommune meiner at omsøkte regulering vil kunne ha negative effektar i høve friluftsliv og sportsfiske ved at ein i større grad i framtida vil oppleve elva som meir regulert. Dette vil redusere kvaliteten på det produktet som ligg der i dag.

For fossefall meiner Jølster kommune at det er meir usikkert om det som kjem fram i søknaden stemmer, og vil difor be om at tiltak knytt til overvaking av dette kjem med som eit avbøtande tiltak. Skulle det syne seg at fossefall- habitata vert forringa kan det vere eit god tiltak med utsetting av rugekassar og mogeleg habitatsjusteringar rundt desse for å gjere tilhøva optimale.

Jølster kommune er einige i at tiltaket vil kunne ha negativ effekt på hjorten og hjorten sin områdebruk. Dette med grunnlag i anleggsverksemd i tider på året hjortetrekka skjer (Vår og Haust ). Moskog er eit viktig område for hjort ikkje berre lokalt, men og regionalt. Resultat frå merkjeprojekt underbygger dette. Ein direkte effekt av dette kan vere at hjorten kryssar E- 39 på andre stader enn ein er vande med og slik sett gjere til at det vert fleire møter mellom køyrety og hjort. Eit tiltak i dette høve kan vere at ein i dialog med

vegmyndighetene planlegg «aktiv skilting» med hjortefare lang vegane i trekktida. Vidare vil ein kunne kome i den situasjonen at tiltaka som er sett i verk frå før, som viltgjerde, skilting og overgangar ikkje fungerer slik dei er tenkt fordi trekket er endra.

### Samanstilte konsekvensar

#### Sunnfjord Energi AS

*Tabell 19-1 Konsekvenser i anleggsfasen*

Fagtema	Konsekvensgrad		
	Inntaksområde	Elvestrekning	Moskog/utløp
Landskap	Liten negativ/ubetydelig	Ubetydelig	Liten negativ/ubetydelig
Naturmiljø			
Fugl	Middels negativ	Ubetydelig	Middels negativ
Pattedyr	Ubetydelig	Ubetydelig	Middels negativ
Vegetasjon	Liten negativ	Ubetydelig	Liten negativ
Fisk og ferskvannsorganismer	Stor negativ	Liten negativ	Liten negativ
Kulturminner og kulturmiljø	Ubetydelig	Ubetydelig	Ubetydelig
Forurensing			
Vannkvalitet	Liten/ubetydelig	Liten/ubetydelig	Liten/ubetydelig
Støy/støv/rystelser	Liten/ubetydelig	-	Middels negativ
Naturressurser	Liten negativ	-	Liten negativ
Friluftsliv	Middels negativ	Liten negativ	Middels negativ
Samfunn			
Næringsliv og sysselsetting	Middels positiv	Middels positiv	Middels positiv
Sosiale og helsemessige forhold	Liten negativ	Liten negativ	Middels negativ
Kommunal økonomi	Ubetydelig	Ubetydelig	Ubetydelig
Befolkningsutvikling og bosetting	Ubetydelig	Ubetydelig	Ubetydelig
Reiseliv	Liten positiv	Liten positiv	Liten positiv

Tabell 19-2. Konsekvenser i driftsfasen.

Fagtema	Konsekvensgrad		
	Inntaksområde	Elvestrekning	Moskog/utløp
Landskap	Liten negativ	Middels/stor negativ	Liten negativ
Naturmiljø			
Fugl	Liten negativ	Liten negativ	Ubetydelig
Pattedyr	Ubetydelig	Ubetydelig	Ubetydelig
Vegetasjon	Middels negativ	Liten negativ	Ubetydelig
Fisk og ferskvannsorganismer	Middels negativ	Middels negativ	Ubetydelig/liten
Kulturminner og kulturmiljø	Ubetydelig/liten negativ	Ubetydelig/liten negativ	Ubetydelig
Forurensing	Ubetydelig	Middels negativ	Ubetydelig
Naturressurser			
Jordbruk	Liten negativ	Ubetydelig	Liten positiv
Skogbruk	Ubetydelig/liten negativ	Ubetydelig/liten negativ	Ubetydelig
Mineraler og masseforekomster	Middels negativ	Liten negativ	Liten positiv
Friluftsliv			
Fiske	Middels negativ	Middels negativ	Liten negativ/ Ubetydelig
Rafting	Stor negativ	Stor negativ	Stor negativ
Turgåing	Middels negativ	Middels negativ	Liten negativ/ ubetydelig
Samfunn			
Næringsliv og sysselsetting	Liten positiv	Liten positiv	Liten positiv
Sosiale og helsemessige forhold	Ubetydelig	Ubetydelig	Ubetydelig
Kommunal økonomi	Middels positiv	Middels positiv	Middels positiv
Befolkningsutvikling og bosetting	Ubetydelig	Ubetydelig	Ubetydelig
Reiseliv	Middels negativ	Middels negativ	Middels negativ



Tabell 10 Oppsummering av virkninger og konsekvenser.

Fagtema	Verdi			Virkning				Konsekvens
	Liten	Middels	Stor	Stor neg.	Middels	Liten / ingen	Middels	
<b>Elektriske anlegg</b>								
Elektriske anlegg				----- ----- ----- -----				Ubetydelig (0)
<b>Hydrologi</b>								
Flommer				----- ----- ----- -----				Liten positiv (+)
Vanntemperatur, is-forhold og lokalklima				----- ----- ----- -----				Liten negativ (-)
Grunnvann				----- ----- ----- -----				Middels negativ (-)
Erosjon, flom og skred				----- ----- ----- -----				Ubetydelig (0)
<b>Landskap og inngrepsfrie områder (INON)</b>								
Landskap	----- -----			----- ----- ----- -----				Middels negativ (-)
INON	----- -----			----- ----- ----- -----				Ubetydelig (0)
<b>Naturmiljø og naturens mangfold</b>								
Geofaglige forhold				----- ----- ----- -----				Ubetydelig (0)
Naturtyper og viktige ferskvannslokaliteter	----- -----			----- ----- ----- -----				Liten negativ (-)
Karplanter, moser, lav og sopp	----- -----			----- ----- ----- -----				Middels negativ (-)
Fugl og pattedyr	----- -----			----- ----- ----- -----				Liten – middels negativ (- / -)
Fisk og ferskvannsbibliologi	----- -----			----- ----- ----- -----				Ubetydelig (0)
Rødlistearter	----- -----			----- ----- ----- -----				Middels negativ (-)

Kulturminner og kulturmiljø			
Kulturminner og kulturmiljø	----- -----	----- ----- ----- -----	Ubetydelig – liten negativ (0 / -)
Forurensing			
Vannkvalitet og utslipp		----- ----- ----- -----	Ubetydelig (0)
Annen forurensing		----- ----- ----- -----	Ubetydelig (0)
Naturressurser			
Jord- og skogressurser	----- -----	----- ----- ----- -----	Liten negativ (-)
Ferskvannsressurser	----- -----	----- ----- ----- -----	Middels negativ (- -)
Mineraler og masseforekomster	----- -----	----- ----- ----- -----	Liten positiv (+)
Samfunnsinteresser			
Næringsliv og sysselsetting		----- ----- ----- -----	Liten positiv (+)
Befolkningsutvikling		----- ----- ----- -----	Ingen til liten positiv (0 / +)
Kommuneøkonomi		----- ----- ----- -----	Middels positiv (++)
Sosiale forhold		----- ----- ----- -----	Ubetydelig (0)
Helsemessige forhold		----- ----- ----- -----	Ubetydelig (0)
Reiseliv	----- -----	----- ----- ----- -----	Liten negativ (-)
Jakt og andre landbaserte aktiviteter	----- -----	----- ----- ----- -----	Liten positiv (+)
Fiske	----- -----	----- ----- ----- -----	Liten negativ (-)
Andre vannbaserte	----- -----	----- ----- ----- -----	Meget stor negativ (- - -)

### Avbøtende tiltak:

I kapittel 21 i Sunnfjord Energi sin søknad er det framlegg til ein del avbøtande tiltak. Administrasjonen har vore i kontakt med prosjektleiar for Sunnfjord Energi ang dette, og fått avklart at dette kapittelet er konsulentanes innspel til temaet og naudsynt nok ikkje ein del av søknaden. Jølster kommune vel likevel å kommenter dei ulke fagtema under: I høve tema som erosjon, sedimentasjon og hydrologi så har ikkje Jølster kommune anna kommentar enn at eigarane av nemnde brønnar i området må kontaktast slik det kjem fram i søknaden.

I høve landskap og naturmiljø er det nemnd at variasjon i sleppmønsteret vil kunne ha ein avhjelpande effekt på negative konsekvensar. Jølster kommune legg vekt på at dette må gjerast på ein slik måte at ein ikkje opplever stranding av fisk som eit problem. Restaurering av elveløp og anleggdrift utanom hekketid meiner Jølster kommune er positivt.

Når det gjeld fagtema fisk og ferskvassorganismar kjem det fram i kapittel 21 hjå Sunnfjord Energi at det vil vere eit godt tiltak med minstevassføring på 19 kubikk om sommaren framfor 12 kubikk. Dette ville vere med på å minke dei negative effektane dette har fisk og botndyr. Så vidt Jølster kommune forstår er det vurdert om 19 kubikk/sek kan gjennomførast med tilfredsstillande økonomi i prosjektet, og svaret på dette er nei. Nordkraft legg opp til skifte av minstevassføring to gonger i døgnet om sommaren og at dette må skje gradvis, og ikkje skal overskride 13 cm per time slik at fare for stranding av

ungfisk vert minimalisert. Søkjar meiner føreslått skifte på sommaren på 0,5 – 1 time er nok for å sikre dette.

NVE må og vurdere om 0,5 – 1 time opp- og nedjustering av vassføring er nok for å ivareta fisken. Jølster kommune meiner og at det må gjerast før- og etter undersøkingar knytt til storauren. Dette gjeld både i inntaksområdet (Tongahølen) og elva elles. Dette med referanse til spørsmålet om Kvamsfossen er eit stort vandringshinder. Under drivteljingane var det talt stor fisk nedstraums Kvamsfossen og. Dette er eit viktig moment å ta med seg i den vidare handsaminga av saka.

Eit godt tiltak kunne vore radiomerking av storaure for å sjå på områdebruk både før, under og etter arbeidet med reguleringa. Dette vil kunne gje eit godt bilete av kva tiltak ein kan sette i verk for å styrke og bevare storaurestammen i vassdraget.

Ørekyt er ikkje nemnd i kapittelet om avbøtande tiltak. Jølster kommune meiner at det er to aspekt i dette som må belyst nærare. For det første vil oppdemming av Tongahølen kunne gje ørekyt betre vilkår ved meir stilleflytande vatn i dette område. Jølster kommune har tidlegare gitt tilskot til oppfisking av ørekyte på strekninga Tongahølen – Flugelona, årsaka til dette var bekymring for at den skulle fortrenge aureungar på viktige oppvekstplassar. Med meir stilleflytande vatn vil det kunne vere meir ørekyte og større problem for aureungane. Det andre er faren for spreiding av ørekyte nedstraums Tongahølen gjennom utspyling i tunellen. Dette ville vere klårt negativt for områda nedstraums utlaupet, og effekten av ørekyte i Movatnet vil kunne vere svært negativ nedtanke på at Movatnet har mykje passande ørekyte habitat.

Søkjar legg og opp til å undersøkje om ørekyta spreier seg til Movatnet. Her meiner Jølster kommune ein i tillegg må gå inn med førebyggjande tiltak. Det må etablerast reinskerist/fiskestengsel ved inntaket. Det er ei kjend problemstilling at fisk kan spylast ut igjennom tunellen. Det er kome framlegg til kanalisering som tiltak for å unngå dette. Jølster kommune meiner vidare at det må vurderast rist med slik lysopning at så lite som mogeleg av fisk går med i turbinvatnet.

Utover dette har ikkje Jølster kommune avgjerande merknadar til framlegga til avbøtande tiltak.

### **Miljøfagleg vurdering av dei to søknadane**

I det følgjande vil Jølster kommune vurdere kva søknad som i minst grad har negative miljømessige konsekvensar for livet i og ved Jølstra. Den største skilnaden på dei to søknadane er at den eine (Sunnfjord Energi) søker om konsesjon for regulering av ei monaleg lengre elvestrekning enn Nordkraft. Dette i seg sjølv vil påverke meir miljø enn i mindre regulering som Nordkraft søker om.

Administrasjonen legg til grunn at regulering av elva heilt ned til Reinene vil gje større mogelegheit for raskare spreiding av ørekyte til Movatnet, i tillegg til faren for raskare genetisk utvatning av storauren i Movatnet. I fagrapportane til Nordkraft er det dokumentert førekomst av raudlisteartane Vasshalemosse og Skorpefiltlav. Nordkraft har kome med framlegg om avbøtande tiltak i høve til desse ved å leie vatn slik at dei negative konsekvensane ikkje vert så store.

Administrasjonen kan ikkje sjå at desse artane er dokumentert i fagrapportane til Sunnfjord Energi.

Dei to søknadene er ulik med tanke på planlagd minstevassføring. Sunnfjord Energi søker om ei minstevassføring om sommaren på 12 kubikk/sek og 4 kubikk/sek vinterstid medan Nordkraft søker om ei differensiert minstevassføring med slepp av 3,5 kubikk/sek frå 01.09 – 31.05 og 8,3 kubikk/sek i gjennomsnitt frå 01.06 – 31.08. Med omsyn til raftinga vil sommarminstevassføringa sleppast differensiert over døgnet med 20 kubikk/sek på dagtid og 3,5 kubikk/sek på kveld, natt og morgon.

Jølster kommune meiner at Nordkraft sin søknad med opp- og nedtapping av elva i ein slik skala som er nemnd ikkje er det beste alternativet for den økologiske tilstanden i elva. Dette regimet er langt unna kva som kan sjåast på som eit «naturleg» vassføringsregime i elva sidan ein har stor magasinerings effekt i Jølstravatnet som igjen vil verke flaumdempende. Eit slik regime vil og kunne verke negativt på fritidsfiske. Jølster kommune vurderer vidare at vassføring på 20 kubikk/sek uansett er for lågt til å driva kommersiell rafting i elva.

Sunnfjord energi legg til ei jamn minstevassføring om sommaren på 12 kubikk/sek og 4 kubikk/ sek om vinteren. Som eit avbøtande tiltak har fagrapportane konkludert med at 19 kubikk/sek vil vere betre for livet i elva. Denne minstevassføringa er ikkje omsøkt med grunnlag i at det gir for dårleg økonomi i prosjektet.

Jølster kommune meiner at det er lite som tyder på at nokon av dei omsøkte alternativa er «gode» for den miljømessige tilstanden til elva, men at mykje kan rettast på ved avbøtande tiltak. Det er difor naudsynt med eit godt avgjerslegrunnlag, og vurderingane kring Kvamsfossen som vandringshinder meiner Jølster kommune er viktige. Storaurens bruk av elva og vassdraget er vesentleg kunnskap for vidare arbeid med elva, og Jølster kommune ber om at dette vert teke med i den vidare planlegginga. Uavhengig av om det det vert gitt konsesjon eller kven av søkerane som evt. får den vil det etter Jølster kommune sitt syn vere eit godt tiltak for å skaffe informasjon om aurens bruk av elva å setje i gong telemetriundersøkingar på Storauren.

### **Samfunnsinteresse og økonomi**

Det er eit prinsipp at det skal ligge att verdiar i lokalsamfunnet og regionen ved kraftutbygging. Dette er delvis sikra gjennom ulike skatter og avgifter.

#### Konsesjonsordningar:

Konsesjonskraft: Industrikonsesjonslova § 2 nr. 12 og vassdragsreguleringslova § 12 nr. 15

Konsesjonsavgift: Industrikonsesjonslova § 2 nr. 13 og vassdragsreguleringslova § 11 nr. 1

Konsesjonskraft er kraftproduksjon som utbyggar må avgje til kommunen til sjølvkostpris. Sjølvkostpris vert fastsatt av Olje- og energidepartementet årleg. Utbyggar må etter reglane avgje inntil 10 % av kraftproduksjonen, men utrekningsmetoden for konsesjonskraft, gjer at det reelle uttaket av konsesjonskraft vert vesentleg mindre. Inntekta kommunen får frå konsesjonskraft er direkte avhengig av prisen på kraft i kraftmarknaden. Kor mykje konsesjonskraft kommunen får vert fastsett i konsesjonsvedtaket.

Konsesjonsavgift vert gjeve for å bøte på miljøskade og lokale ulemper. Konsesjonsavgifta vert fastsett på bakgrunn av fallhøgde og vassføring. Konsesjonsavgifta vert fastsett i

konsesjonsvedtaket og indeksregulert kvart 5 år. Konsesjonsavgifta skal inngå i fond der avkastninga t.d. kan nyttast til næringsutvikling.

#### Skatteordningar:

Naturressurskatt: Skattelova § 18-2

Eigedomsskatt: Eigedomskattelova

Naturressurskatt vart innført i samband med kraftskattereformen i 1997. Naturressurskatt vert fastsett på grunnlag av produksjonen. Naturressurskatten inngår i inntektsutjamningssystemet til kommunane, og heile inntekta vert derfor ikkje igjen i den aktuelle kommunen. Naturressurskatten vert ikkje indeksregulert, det vil sei at den reelt sett faller i verdi ettersom åra går.

Eigedomsskatt er vel kjent for kommunestyret. Kraftverk er gjenstand for eigedomsskatt, men det er ikkje kommunen som set eigedomsskattegrunnlaget. Skattegrunnlaget vert sett på grunnlag av anlegget sin omsetningsverdi, men er avgrensa oppover til kr. 2,35/KWh. Den reelle omsetningsverdien ligg på ca kr. 4/KWh. Kraftverk har såleis ei avgrensing av kva inntekt kommunen kan få gjennom eigedomsskatt.

#### Nordkraft AS

Nordkraft AS meiner at utbygginga vil ha positive konsekvensar for lokalt næringsliv og lokal sysselsetting i anleggsfasen. Nordkraft AS vurderer at ein kan forvente at 70 – 80 årsverk kan tilfalle lokalt næringsliv i anleggsperioden. I driftsfasen vil tiltaket gje 1-2 arbeidsplassar i tillegg til i nokon grad av vedlikehaldsoppgåver for lokalt næringsliv.

Nordkraft har avtale med 52,2 % av grunneigarane, og har avtale med om at dei vert deleigarar i eigarskapen av kraftverket, avgrensa til 20 %.

#### Økonomi for Jølster kommune:

Tabell 14 Anslag for totale årlige inntekter til kommunen i driftsfasen.

Skatter og avgifter	kr/år	Kommentar
Eiendomsskatt	2 513 000	Nøyaktig utrekning når kraftverket er ferdig.
Naturressurskatt	1 441 000	Verdi for det 7. året etter oppstart.
Konsesjonsavgifter	163 000	20 m3/s minstevannføring, dagtid, sommer
Konsesjonskraft	861 000	20 m3/s minstevannføring, dagtid, sommer
<b>Sum årlige inntekter i driftsfasen</b>	<b>4 978 000</b>	

Nordkraft AS vurderer at utbygginga vil gje kommunen samla inntekter på ca. kr. 5 mill. kr. Når det gjeld eigedomsskatt og konsesjonsavgift er det ikkje grunn til å stille spørsmål ved utrekninga. Naturressurskatten vil inngå i inntektsutjamninga, og den reelle verdien for Jølster kommune vil truleg vere ca. kr. 800.000. kr. etter 7 år. Naturressurskatten vert trappa opp over 7 år etter følgjande tabell.

Tabell 11 Estimert naturressursskatt for Jølstra kraftverk

År	Inntekter [kr]
År 1	205 857
År 2	411 714
År 3	617 571
År 4	823 429
År 5	1 029 286
År 6	1 235 143
År 7 og seinare	1 441 000

Når det gjeld konsesjonskraft er berekning av uttak truleg korrekt, men det er lagt til grunn ein marknadspris på 35 øre/KWh. I dag ligg dei langsiktige prisane på konsesjonskraft på ca 24 øre pr. kWh, og vår kunnskap om den langsiktige prisen i vårt marknadsområde vil i følgje prognoser ligge på 28 – 29 øre pr. kWh. Dette er usikre prognoser, men det er lite som tyder på at marknadsprisen vil kome opp i 35 øre pr. kWh. Utrekninga av inntekta frå konsesjonskraft er derfor for høg, og reell inntekt vil truleg vere kr. 650.000,- pr år om vi går ut frå ein marknadspris på 29 øre/KWh.

Administrasjonen si vurdering er at reell netto inntekt frå utbygginga vil vere ca. kr. 4.135.000,-.

### Sunnfjord Energi AS

#### Næringsliv

Sunnfjord Energi AS har i søknaden berekna at den lokale delen av verdiskapinga i anleggsfasen vil vere ca 20 %, stipulert til kr. 125 mill kr. Sunnfjord Energi AS vurderer at det er trong for 2-3 årsverk for å drifte Jølstra kraftverk. I tillegg syner Sunnfjord Energi AS til at det vil vere behov for tenesteleveranse til drift og vedlikehald av kraftverket.

I driftsfasen vil Jølstra kraftverk gje inntekt til grunneigarar som har fallrett. Sunnfjord Energi AS vurderer at inntekta grunneigarane får frå fallrett vil styrke grunnlaget for busetnad.

### Økonomi – Jølster kommune

Tabell 1. Anslag over inntekter til Jølster kommune pr år som følge av utbyggingen

Type inntekt	12 m <sup>3</sup> /s	19 m <sup>3</sup> /s
Eiendomsskatt	3 300 000	2 800 000
Naturressursskatt	2 300 000	2 000 000
Konsesjonsavgift	330 000	330 000
Konsesjonskraft	1 300 000	1 300 000
<b>Totalt</b>	<b>7 230 000</b>	<b>6 430 000</b>

Sunnfjord Energi AS vurderer at utbygginga vil gje kommunen samla inntekter på ca. kr. 7,2 mill. kr. Når det gjeld eigedomsskatt og konsesjonsavgift er det ikkje grunn til å stille spørsmål ved utrekninga. Naturressursskatten vil inngå i inntektssutjamninga, og den reelle verdien for Jølster kommune vil truleg vere ca. kr. 1,3 mill. etter 7 år.

Når det gjeld konsesjonskraft er berekning av uttak truleg korrekt, men det er lagt til grunn ein marknadspris på 35 øre/KWh. I dag ligg dei langsiktige prisane på konsesjonskraft på ca 24 øre pr. kWh, og vår kunnskap om den langsiktige prisen i vårt marknadsområde vil i følgje prognoser ligge på 28 – 29 øre pr. kWh. Dette er usikre prognoser, men det er lite som tyder på at marknadsprisen vil kome opp i 35 øre pr. kWh. Utrekninga av inntekta frå konsesjonskraft er derfor for høg, og reell inntekt vil truleg vere kr. 1.mill. pr år om vi går ut frå ein marknadspris på 29 øre/KWh.

Administrasjonen si vurdering er at reell netto inntekt frå utbygginga vil vere ca. kr. 5.930.000,-.

#### Utbyggingsavtale.

Kommunestyret vedtok i møte 17.06.14 å setje ned eit forhandlingsutval som skulle forhandle om utbyggingsavtale med dei to utbyggerane. Rådmannen og økonomi- og personalleiar har vore sekretariat for forhandlingsutvalet. Forhandlingsutvalet har fått opplæring og rettleiing av advokatfirma Lund & Co, gjennom organisasjonen LVK. For nærmare omtale av utbyggingsavtale og grunnlaget for dette vert det vist til [kommunestyresak 043/14](#).

Det er gjennomført forhandlingsmøte med Nordkraft AS 14.08.14 og Sunnfjord Energi AS 15.08.14. I møta presenterte forhandlingsutvalet sine synspunkt og krav til ei utbyggingsavtale. Det vart presentert likelydande krav til begge utbyggerane i møte, og likelydande utkast til utbyggingsavtale vart sendt begge utbyggerane pr. e-post 15.08.14.

Det har vore ein føresetnad for forhandlingsutvalet å handsame begge utbyggerane likt, og at utbyggingsavtale følgde saka i den politiske handsaminga av kommunen si uttale til konsesjonssøknadene.

Sunnfjord Energi AS og Nordkraft AS har begge avslått utbyggingsavtale i brev sendt til Jølster kommune. Begge utbyggerane vurderer at dei kan drøfte utbyggingsavtale når NVE har gjeve si innstilling over for OED om eventuell konsesjon. Dei argumenterer at dei ikkje kjenner heile kostnadsbilete før NVE har gjeve si innstilling, og at det derfor ikkje er forsvarleg for dei å inngå utbyggingsavtale på noverande tidspunkt.

Administrasjonen delar ikkje utbyggerane sitt syn. Administrasjonen vurderer at det er avgjerande for at kommunen skal ha føreseieleg informasjon både om avbøtande tiltak og økonomiske fordelar for kommune og lokalsamfunnet samstundes som kommunestyret skal gje si uttale til konsesjonssøknaden. Når kommunestyret gjev si uttale er det ikkje kjent kva krav til avbøtande tiltak og evt. krav om t.d. næringsfond NVE vil innstille overfor OED i konsesjonshandsaminga. Dette gjer at det er vanskeleg for kommunestyret om ei utbygging samla sett vil gje større positive verknader for kommunen og lokalsamfunnet, enn dei negative konsekvensane som ei utbygging fører med seg. No er kommune i den situasjonen, og administrasjonen meiner dette er uheldig. Administrasjonen meiner det er ein fordel for både utbyggerar og kommunen at innhaldet i ein utbyggingsavtale som regulerer både fiskefond og næringsfond er kjent for begge partar når kommune gjev si uttale til NVE. Dette gjer konsekvensane av tiltaket kjent for begge partar, og det er ingen grunn til å tru at NVE vil fastsetje andre vilkår for fiske- og næringsfond enn dei artane er einige om. Utkast til utbyggingsavtale, og svar frå begge utbyggerane ligg ved saka.

## Samla vurdering

Det ligg føre to konsesjonssøknader som begge har negative og positive konsekvensar. Administrasjonen har i saksutgreiinga gjort greie for negative konsekvensar som først og fremst dreiar seg om konsekvensar fiske, friluftsliv, rafting og reiseliv. Konsekvensane må vurderast i eit evigvarande perspektiv.

Ettersom kommunen på noværande tidspunkt ikkje kjenner til kva vilkår som vil bli satt for å avbøte ulemper i ein eventuell konsesjon, er det krevjande å vurdere ulempene opp mot fordelane ved tiltaket. Det er administrasjonen sitt syn at de tiltaka som er foreslått i konsesjonssøknadene ikkje er tilstrekkelege for å avbøte ulempene. Utan ytterlegare avbøtande tiltak er det administrasjonen sitt syn at ulempene overstiger fordelane for lokalsamfunnet.

Oppsummert er viktigaste negative konsekvensar:

- Fare for spreiding av øyrekyte til Movatnet
- Fare for genetisk utvatning av storaure i Movatnet
- Redusert vassføring, med redusert oppleving av elva for friluftsliv
- Jølstra vert ikkje lenger ei elv for rafting og elvepadling
- Negative konsekvensar for reiseliv og friluftsliv som følgje av ovanståande
- Støy, støv og ristingar i anleggsfasen

Det er noko forskjell i dei to prosjekta, ved at konsesjonssøknaden frå Sunnfjord Energi AS omfattar er lengre elvestrekning. Dette medfører ei noko høgare negativ konsekvens for miljøet. Elles vurderer Jølster kommune at verknaden for miljø, natur og friluftsliv er relativt like for dei to konsesjonssøknadene.

Oppsummert viktigaste positive konsekvensar:

- Auka inntekt for Jølster kommune
- Inntekt til grunneigarar frå fallrettane, med positiv ringverknad for lokalsamfunnet
- Produksjon av ny, fornybar energi til nytte for region og storsamfunn i samsvar med overordna målsettingar for fornybar energi i Noreg og EU

Sunnfjord Energi AS sitt prosjekt vil gje Jølster kommune auka inntekt med kr. 5.930.000,-. Nordkraft AS sitt prosjekt vil gje auka inntekt med kr. 4.135.000,-.

Av dei samla årlege inntektene inngår konsesjonskraft, konsesjonsavgifter, eigedomsskatt og naturressursskatt. Det er viktig å være klar over at eigedomsskatt på kraftverk vert rekna av et "makstak" på 2,74 kr/kWh, og at satsen for naturressursskatt står fast (1,1 øre per kWh). Dette medfører at inntektene frå høvesvis eigedomsskatt og naturressursskatt vil tape seg i realverdi. Vidare er naturressursskatten gjenstand for utjamning over det kommunale inntektssystemet, slik at den reelle effekten blir redusert for Jølster kommune.

Når det gjeld inntekt til grunneigarane, har Nordkraft AS avtale med grunneigarar oppstrøms Stakaldefossen som regulerer kva inntekt dei sit att med. Sunnfjord Energi AS har avtale med grunneigarar nedstrøms Stakaldefossen, og vil vere avhengig av oreigning av fallrettane oppstrøms Stakaldefossen for å gjennomføre tiltaket. I Jølster har kommunestyret lagt sterkt vekt på grunneigarane sine rettar ved kraftutbyggingar, og mange av småkraftutbyggingane i kommunen er gjennomført av grunneigarane. I denne saka vurderer administrasjonen at det



er vanskeleg i skilje mellom kva konsesjonssøknad som best vil ta i vare grunneigarane sine rettar. Administrasjonen er ikkje kjent med kva avtale dei to utbyggerane har med grunneigarane for dei respektive fallrettane, og kan derfor vanskeleg vurdere kva utbygger som samla sett best tek i vare grunneigarane sine rettar og inntekter.

Samla sett er det ikkje uvesentlege negative konsekvensar ved utbygginga for begge prosjekta. Spørsmålet kommunestyret må ta stilling til er om fordelane ved tiltaket samla sett er større enn ulempene. Dei negative konsekvensane kan i stor grad reduserast ved avbøtande tiltak, men administrasjonen er ikkje fullt ut nøgd med dei avbøtande tiltaka som er skissert i konsesjonssøknadene. Særleg dei negative konsekvensane ved at rafting og elvepadling ikkje lenger er mogeleg, og den reduserte opplevinga og verdien for Jølstra som fiskeelv er vesentlege. Dette vil påverke reise- og friluftslivsnæringa, og administrasjonen kan ikkje sjå at dei inntekter ei utbygging av eit av prosjekta vil gje kommunen og lokalsamfunnet i tilstrekkeleg grad gjev kompensasjon for denne ulempa. Dette kunne vore ytterlegare kompensert gjennom dei tiltaka kommunen sitt forhandlingsutval har sett fram i utkast til utbyggingsavtale overfor utbyggerane. Korkje Sunnfjord Energi AS eller Nordkraft AS har vore villige til å reelt forhandle om utbyggingsavtale på noverande tidspunkt.

Bygging av kraftverk i Jølstra vil gje eit stort volum av overskotsmasse som må deponerast. Jølster kommune ønskjer å bygge ut Moskog industriområde som ligg rett ved det planlagde Jølstra kraftverk, og det ligg allereie føre ein godkjent reguleringsplan for industriområdet. Administrasjonen vurderer at bruk av massane i forbindelse med opparbeiding av industritomt vil sikre ein god gjenbruk av overskotsmassane. Etersom utbygger uansett må deponere massane, er det administrasjonen sitt syn at gjenbruk i Moskog industriområde er en "vinn-vinn"-situasjon for utbygger og Jølster kommune. For å sikre ein fornuftig og rasjonell bruk av massane er det viktig at det blir satt vilkår om dette i ein eventuell konsesjon. Frå kommunen sin side er det ein føresetnad at massane vert transport og planert av utbygger. I tillegg må utbygger ved behov syte for naudsynt behandling av masse slik at dei blir eigna for bruk til opparbeiding av industritomt.

Administrasjonen vurderer at det vil vere avgjerande at lokalsamfunnet får kompensert ulempene for fiske og reiseliv/næringsliv gjennom fiskefond og næringsfond. Jølster kommune har positiv erfaring med dette frå utbygginga av Kjøsnesfjorden, der fiskefondet har bidrege både til vesentlege tilretteleggingstiltak for fiske, og gjennom tilskot til uttak av øyrekyte. Næringsfondet frå Kjøsnesfjordutbygginga har styrka både kommunen sine utviklingsressursar på næringsområdet, og bidrege til konkrete næringstiltak. Administrasjonen vurderer at ei lik kompensierende løysing bør vere på plass for at dei samla fordelane for lokalsamfunnet skal vere større enn ulempene. Utan dette er det ei vurdering om kommunen og lokalsamfunnet sine ulemper overstig fordelane.

Ut frå ei samla vurdering er vil derfor administrasjonen rå til at det ikkje vert gjeve konsesjon for utbygging av Jølstra kraftverk dersom følgjande punkt ikkje følgjer som ein del av NVE si innstilling.

- Det må etablerast reinskerist/fiskestengsel ved inntaket til tunnel i kraftanlegget
- Det vert sett i verk radiomerking av storaure for å sjå på områdebruk både før, under og minimum 5 år etter arbeidet med reguleringa er ferdig.
- Det vert etablert gangbru med ei breidde på 2 m og universell utforming over Kvamsfossen for å legge til rette for bruk av friluftsområde

- Det vert utarbeidd plan for tursti og gjenbruk av anleggomsråde for friluftsføremål. Det er eit minstekrav at utbyggar etablerer og byggjer rundsti og gangbru over elva ved Kvamsfossen som knyt saman turstiar på begge sider av elva. Rundsti og gangbru skal ha ei minimum breidde på 2 m og universell utforming.
- Det vert sett vilkår om fiskefond med årleg bidrag til Jølster kommune på kr 50.000,- kr i 2014 verdi. Årleg bidrag skal oppjusterast i samsvar med konsumprisindeksen kvart tredje år.
- Det vert set krav om næringsfond med årleg bidrag til Jølster kommune på kr. 400.000,- kr i 2014 verdi. Årleg bidrag skal oppjusterast i samsvar med konsumprisindeksen kvart tredje år.
- Overskotsmasse frå tunneldriving skal nyttast til opparbeiding av Moskog industriområde. Utbyggar skal syte for og koste transport og planering av overskotsmasse til Moskog industriområde i område K2, K3 eller K4 i godkjent områderereguleringsplan for Moskog industriområde.

Administrasjonen vurderer at utbygging av Jølstra vil gje ulemper uansett om Nordkraft AS eller Sunnfjord Energi AS får konsesjon til utbygging. Som tidlegare vist vil ulempene ved Sunnfjord Energi AS si utbygging vere noko høgare som følgje av at eit lengre løp av elva vert bygt ut. Administrasjonen vurderer likevel at kommunen, lokalsamfunnet og storsamfunnet er best tent med å hente ut mest mogeleg fornybar energi, når Jølstra ved konsesjon til utbygging vert endra for all framtid. Grunngevinga for dette er at Sunnfjord Energi AS sin konsesjonssøknad legg til rette for uttak av meir fornybar energi, og gje meir verdi attende til Jølster kommune og lokalsamfunnet. Denne meirverdien er etter administrasjonen si vurdering større enn følgjene av at utbygginga omfattar ein lengre del av elveløpet. Administrasjonen vurderer og at Sunnfjord Energi AS gjennom konsesjonssøknaden presenterer ei meir gjennomarbeidd utbygging enn det som er tilfelle i Nordkraft AS sin konsesjonssøknad.

#### Dokumentliste:

Nr	T	Dok.dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	28.06.2012	NVE	Høyring av meldingar med forslag til konsekvensutgreiingsprogram for kraftutbyggingsplanar i Jølstra
2	I	08.08.2012	Advokatfirmaet Lund & Co DA	Planer om kraftutbygging i Jølstra - konkurrerende søknader fra Fjellkraft AS og Sunnfjord Energi AS
4	U	22.11.2012		KU program for kraftutbygging i Jølstra - fråsegn frå Jølster kommune
5	U	22.11.2012	NVE; Advokatfirmaet Lund & Co DA	KU program for kraftutbygging i Jølstra - fråsegn frå Jølster kommune
6	I	28.11.2012	Pål Andersen	Rasering av naturarv
7	I	28.06.2013	Sunnfjord Energi	Framdrift i Jølstra -prosjektet
8	U	06.08.2013	NVE Regon Vest	Vedr. Jølstra Kraftverk i Førde og Jølster kommune.
9	I	29.08.2013	Advokatfirmaet Lund & Co DA	Jølstra Fjellkraft i Jølstravassdraget - konsesjon til øvre alternativ

10	I	27.09.2013	NVE Regon Vest	Behandling av konkurrerende prosjekter i Jølstra, Jølster og Førde kommuner i Sogn og Fjordane
11	I	19.11.2013	Nordkraft As	Kraftutbygging i Jølstra, valg av alternativ
12	I	15.05.2014	NVE Regon Vest	Høyring av søknader med konsekvensutgreiing for kraftutbyggingsplanar i Jølstra, Jølster og Førde kommune i Sogn og fjordane
14	U	05.06.2014	Sunnfjord Energi AS	Søknad om konsesjon for kraftutbygging i Jølstra – Utgiftsdekning
13	U	05.06.2014	Nordkraft AS	Søknad om konsesjon for kraftutbygging i Jølstra – Utgiftsdekning
15	U	19.08.2014	kommunestyret Medlemmar UPU	Synfaring 26.08 Jølstra